



# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeshuset, 6400 Molde

		Rapport nr: 13/95	
		Tilgjenge Open	
Tittel: Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal		Dato siste endring:  30.mai 1996	
Forfatter: Kirsti Moe Oterhals		Sidetal: 94 sider + vedlegg	
Samandrag:  Havstrandøkosystema har i lang tid vore belasta både inne i fjordane og langs kysten.  I Møre og Romsdal representerer sanddynområda dei nordlegaste utpostane av sørlege sanddyner med varmekjære sandstrandartar som strandkveke, marehalm og sandstorr og er derfor av internasjonal interesse.  Nye undersøkingar viser at det berre er nokre få tilnærma urørte elvedelta igjen i Sør-Noreg. Dei fleste av dei mest verneverdige finn vi i Møre og Romsdal.  Av i alt 150 vurderte lokalitetar i Møre og Romsdal er 25 område prioriterte for vern etter naturvernlova. Fleire av dei vurderte områda med store verneverdiar har ikkje blitt prioriterte grunna store inngrep.  Aktuell verneform for dei 25 prioriterte områda er naturreservat.  Kriteria for utveljing av dei mest verneverdige områda omfattar botaniske, zoologiske og geomorfologiske verdiar.		Rapporten omfattar: Dei foreslåtte verneområda: 1. OSEN Molde 2. OLTERVÅGEN Molde 3. RISTESUND Sande 4. TJØRVÅG Herøy 5. KORSBREKKE Stranda 6. SOLNØRVIKA Skodje 7. MOLNES Giske 8. VESTANVIKA Haram STAVNESET 9. TRESFJORD Vestnes 10. VÅGSTRANDA Rauma 11. HENSØRAN Rauma 12. NAUSTE Nettet 13. RÆSTADTANGEN Midsund 14. HJERTVIKBUKTA Aukra 15. LANGØYSUNDET Fræna 16. NERLANDBUKTA Fræna 17. FARSTADBUKTA Fræna 18. BATNFJORDSØRA Gjemnes 19. HØGSETLEIRA Gjemnes 20. ØKSENDALSØRA Sunndal 21. HÅSØRAN Sunndal 22. SØYSETSTRANDA Surnadal 23. TODALSØRA Surnadal 24. REITVÅGEN Halså 25. MELLANDSVÅGEN Aure	
Emneord: Strandeng Botanikk Elvedelta Zoologi Sanddynestrender Geomorfologi Naturreservat Vernereglar		ISBN 82-7430-085-8 ISSN 0801-9363	
Fagansvarleg:  Harald Ørsahl		For administrasjonen:  Per Fredrik Brun	

Beredskapsavdelinga  
Telefon 71 25 84 86  
Telefaks 71 25 85 18

Kommunal- og  
samordningsavdelinga  
Telefon 71 25 84 43  
Telefaks 71 25 85 10

Landbruksavdelinga  
Telefon 71 25 81 59  
Telefaks 71 25 81 57

Miljøvernavdelinga  
Telefon 71 25 84 75  
Telefaks 71 25 85 09

Sosial- og  
familieavdelinga  
Telefon 71 25 84 52  
Telefaks 71 25 84 61

## FORORD

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 1994/95 utarbeidd utkastet til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Dette har skjedd etter oppmoding frå Direktoratet for naturforvaltning i brev av 15.02.93.

Sommaren 1984 blei det med bakgrunn i dei aukande fysiske inngrepa i kystsona utført botaniske havstrandundersøkingar i 37 kommunar i Møre og Romsdal. 150 lokalitetar er vurdert og resultatane finn ein i dei to rapportane frå Økoforsk 1986:3A og B - "Havstrender i Møre og Romsdal".

Fylkesmannen starta i 1986 planarbeidet med vern av havstrandområde i Møre og Romsdal og bygde då i hovudsak på dei botaniske verneinteressene omtala i Økoforsk sin rapport. Men då det vidare arbeidet skulle bli samordna i ein landsdelsplan stoppa planarbeidet. Odd-Arild Bugge og Harald Ørsahl stod for nødvendig feltarbeid og grunneigarmøte i 1986.

Konsulent Kirsti Moe Oterhals har i samråd med naturforvaltar Harald Ørsahl og på bakgrunn av Odd-Arild Bugge sitt forarbeid, stått for det vidare arbeidet og skrive plandokumentet. Kriteria for utveljing av dei mest verneverdige områda omfattar no i tillegg til dei botaniske verdiane også zoologiske og geomorfologiske verdiar.

I denne samanheng har det i 1994 vore gjennomført synfaringar i alle dei prioriterte områda. I dei områda der det ikkje blei halde grunneigarmøte i 1986, blei møta gjennomført i 1994. Alv-Ottar Folkestad har vore med som fagleg vegleiar på feltarbeid på Sunnmøre våren 1994.

Fylkesgeolog Einar Anda i fylkeskommunen har vore fagleg rettleiar på dei geologiske utgreiingane. Kjersti Eide har utført det karttekniske arbeidet.

Molde, november 1995

*Alv Jakob Fostervoll*

*Per Fredrik Brun  
Fylkesmiljøvernssjef*

## INNHALDSLISTE

<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>5</b>
<b>2. OMRÅDET MØRE OG ROMSDAL .....</b>	<b>6</b>
2.1 TOPOGRAFI.....	6
2.2 KLIMA .....	6
2.3 GEOLOGI .....	7
2.4 HYDROGRAFI .....	8
<b>3. MATERIALE OG METODAR.....</b>	<b>8</b>
3.1 BOTANIKK .....	8
3.2 ZOOLOGI .....	9
3.3 LANDSKAP/GEOLOGI OG GEOGRAFISK FORDELING .....	9
3.4 ANNA.....	9
<b>4. VERDIKRITERIUM OG VERNEVERDIAR.....</b>	<b>9</b>
4.1 BOTANISKE KRITERIUM .....	10
4.1.1 Konkrete verdikriterium vurdert i havstrandrapporten frå økoforsk. ....	10
4.2 ZOOLOGISKE KRITERIUM.....	10
4.2.1 Gradering av zoologiske kriterium .....	10
4.3 LANDSKAP/GEOLOGI .....	11
4.3.1 Strandtypar .....	11
4.3.2 Geografisk fordeling av havstrand/elveos lokalitetane.....	11
4.4 ELVEOS.....	12
4.4.1 Gradering av verdier .....	12
4.5 ANNA AV VERDI FOR VURDERINGANE.....	12
4.6 VERNEVERDI.....	12
4.6.1 Verneverdiar .....	13
4.7 TIDLEGARE VERNA OMRÅDE .....	13
4.8 MANGFALDSANALYSE (TEGNFORKLARING JF S. 10 OG 13) .....	14
<b>5. KARTREFERANSAR.....</b>	<b>18</b>
<b>6. PRIORITERTE HAVSTRAND- OG ELVEOSLOKALITETER.....</b>	<b>19</b>
6.1 OSEN I MOLDE KOMMUNE .....	22
6.2 OLTERVÅGEN I MOLDE KOMMUNE .....	24
6.3 RISTESUND I SANDE KOMMUNE.....	26
6.4 TJØRVÅG I HERØY KOMMUNE .....	29
6.5 KORSBREKKE I STRANDA KOMMUNE.....	31
6.6 SOLNØRVIKA I SKODJE KOMMUNE .....	33
6.7 MOLNES I GISKE KOMMUNE.....	35
6.8 VESTANVIKA/STAVNESET I HARAM KOMMUNE.....	37
6.9 TRESFJORD I VESTNES KOMMUNE .....	39
6.10 VÅGSTRANDA I RAUMA KOMMUNE .....	42
6.11 HENSØRAN I RAUMA KOMMUNE.....	45
6.12 NAUSTE I NESSET KOMMUNE.....	48
6.13 RÆSTADTANGEN I MIDSUND KOMMUNE.....	51
6.14 HJERTVIKA I AUKRA KOMMUNE .....	54
6.15 LANGØYSUNDET I FRÆNA KOMMUNE.....	57
6.16 NERLANDSBUKTA I FRÆNA KOMMUNE .....	60
6.17 FARSTADBUKTA I FRÆNA KOMMUNE .....	63
6.18 BATNFJORDSØRA I GJEMNES KOMMUNE .....	66
6.19 HØGSETLEIRA I GJEMNES KOMMUNE.....	69
6.20 ØKSENDALSØRA I SUNNDAL KOMMUNE .....	71
6.21 HÅSØRAN I SUNNDAL KOMMUNE.....	74
6.22 SØYSETSTRANDA I SURNADAL KOMMUNE.....	77
6.23 TODALSØRA I SURNADAL KOMMUNE .....	79
6.24 REITVÅGEN I HALSA KOMMUNE .....	82
6.25 MELLANDSVÅGEN I AURE KOMMUNE.....	84
<b>7. KVA INNEBER VERN?.....</b>	<b>87</b>
7.1 LOVHEIMEL.....	87

7.2 FORSLAG TIL VERNEREGLAR - HAVSTRAND OG ELVEOS I MØRE OG ROMSDAL.....	88
7.3 SAKSBEHANDLING OG FORVALTING .....	91
<b>8. LITTERATURLISTE .....</b>	<b>93</b>
ORDFORKLARING	94
VEDLEGG	
1. Figur: Dei 150 undersøkte lokalitetane	95
<b>2.Tabell:</b> Undersøkte havstrandlokalitetane i Møre og Romsdal 1984.	96
Publikasjonar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavingdelinga	100

## 1. INNLEIING

For 15.000-20.000 år sidan var nesten heile Skandinavia dekt av is. Kan hende har nokre få plante- og dyreartar overlevd den siste istida ytst ved kysten eller på dei høgste fjelltoppane. Etter kvart drog isen seg attende, og planter og dyr byrja å vandre inn frå dei kringliggande områda. Ulike planteartar fann tilfredsstillande levevilkår i forskjellige område, avhengig av sine krav til samansetjing av jordbotnen og klimaet. På denne måten blei det danna lauv- og barskogar, myrar og heiar. Fugle- og dyreartar hadde ulike krav til terreng og vegetasjon i dei områda dei skulle leve i. Dyrelivet varierer derfor i takt med variasjonen i vegetasjon og naturtilhøve elles.

I fleire tusen år levde menneska her i landet i og av naturen utan at dei gjennomføre større, uomgjerlege endringar i landskapsbiletet, eller av plante- og dyrelivet. Etter kvart blei ein del område dyrka opp eller nedbygde, men inngrepa i naturen var framleis heller små. Den tekniske utviklinga dei siste hundre åra har imidlertid gitt vår generasjon nesten uavgrensa høve til totalt å omforme landskapsbiletet og til å gjere store og ubøtande naturinngrep. Dette kan få skjebnesvangre følgjer for ei lang rekkje plante- og dyreartar. Dei artane som er knytte til sjeldne naturtypar, vil vere serleg utsette, men også andre artar vil kunne få leveområda sine sterkt nedskorne.

Samstundes som den tekniske utviklinga har gitt oss auka materiell velstand, har den òg ført med seg store omveltingar naturmiljøet. I føremålsparagrafen i naturvernlova av 19. juni 1970 heiter det derfor:

"Naturen er en nasjonalverdi som må vernes. Naturvern er å disponere naturressursane ut ifrå hensynet til den nære samhörighet mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden. En hver skal vise hensyn og varsomhet i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør bare foretas ut ifrå en langsiktig og allsidig ressursdisponering som tar hensyn til at naturen i fremtiden bevares som grunnlag for menneskenes virksomhet, helse og trivsel."

Gjennom stortingsmelding nr. 68 (1980 - 81) om "Vern av Norsk natur " har Stortinget vedteke at eit utval av lokalitetar frå utsette naturtypar skal vernast.

Stortingsmelding nr. 46 (1988-89) om miljø og utvikling ( Noregs oppfølging av rapporten til Verdenskommisjonen for miljø og utvikling) legg vekt på kor naudsynt det er å ta vare på mangfaldet i naturen. Dette mangfaldet tek vi best vare på ved å ta vare på miljøet der plantane og dyra lever.

Sommaren 1984 blei det med bakgrunn i dei aukande tekniske inngrepa i kystsona utført botaniske havstrandundersøkingar i 37 kommunar i Møre og Romsdal. Resultata frå denne undersøkinga finn ein i dei to rapportane frå Økoforsk 1986:3A og B -"Havstrender i Møre og Romsdal". Fylkesmannen starta på bakgrunn av dette arbeidet med vern av havstrandområda i Møre og Romsdal og bygde då i hovudsak på dei botaniske verneinteressene omtala i Økoforsk sin rapport. Etter ei lokal høyring, stoppa likevel planarbeidet opp, då det vidare arbeidet skulle bli samordna i ein landsdelsplan.

Stadig aukande press på kystsona og dei biologiske verdiane knytt til denne naturtypen, førte til at Direktoratet for naturforvaltning i brev av 15.02.93 påla Fylkesmannen å utarbeide eit utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Kriteria for utveljing av dei mest verneverdige områda er i tillegg til dei botaniske verdiane no også omfatta av m.a. zoologiske og geomorfologiske verdiar

Havstrand er møtestaden mellom dei to store økosystema i verda, hav og land. Spesielt for havstrand er brå overgangar mellom ulike naturtilhøve på grunn av tidvatnet, salt- og klimapåverknad og ulike typar grunn som t.d. steinur og mudder. Den variasjonen er derfor stor. Plantar og dyr som lever på havstranda, har likskapstrekk med plantar og dyr både i sjøen og på land, men dei har og ei rekke særdrag.

Havstrand er i denne planen definert som alle strender som grensar til sjø. Strand- og vegetasjonstypene er delt inn etter ein substratskala: leirstrender (undervassenger, strandsumpar og strandenger), sandstrender (sandvegetasjon, sanddynestrender), grus- og steinstrender, rullesteinsstrender (inklusive eittårige og fleirårige tangvollvegetasjon) og strandberg.

Av dei aktuelle naturtypene er strandenger av elveostypen og sanddyner rekna som truga og sjeldsynte i Møre og Romsdal. Sanddynestrendene er av internasjonal interesse i og med at dei representerer dei nordlegaste utpostane av sørlege sanddyner med varmekjære sandstrandartar som strandkveke, marehalm og sandstorr. Nye undersøkingar viser at det berre er nokre få, tilnærma urørte elvedelta igjen i Sør-Noreg. Dei fleste mest verneverdige finn vi i Møre og Romsdal.

Vi har valt å kalle planen ein verneplan for havstrand og elveos fordi ein ikkje berre tek med strendene som grensar til sjø, men i enkelte tilfelle ein større del av landskapet der dette er ein viktig del av dei geologiske formasjonane man ønskjer å verne.

## **2. OMRÅDET MØRE OG ROMSDAL**

### **2.1 TOPOGRAFI**

Møre og Romsdal fylke har svært varierte terrengformer. Hovudelementa er store fjordsystem, dalar og fjellområde. Terskelfjordane er dominerande, med unntak av Storfjorden som har djuprenne heilt til havs. Undersjøisk terrengform har mykje å seie for straumtilhøva og dermed for innhaldet av salt i fjordane. Bratt terreng i fjordstrøka og masseføring i vassdraga, har mykje å seie for akkumulasjonen av laumassar på elveøyrrar og sedimentasjonstilhøva i fjordane. Det vert skilt mellom to primære kysttypar i Møre og Romsdal: 1. Strandflatekyst og 2. Fjordkyst.

### **2.2 KLIMA**

Makroklimaet i Møre og Romsdal er oseanisk med milde vintrar. På dei undersøkte lokalitetane varierer middeltemperaturen for januar frå  $-0,5^{\circ}\text{C}$  til  $2,5^{\circ}\text{C}$ . Middeltemperaturen for juli varierer frå  $12,7^{\circ}\text{C}$  på kysten i nord til litt over  $15^{\circ}\text{C}$  i fjordbotnane på Sunnmøre. Nedbøren er svært variert i fylket, med dei høgste verdiane på ca. 2000 mm i grensestrøka mot Sogn og Fjordane. Den yttarste kyststripa har ein ganske konstant årsnedbør på ca. 1100 - 1200 mm. Desse verdiane aukar mot eit maksimum i midtre fjordstrøk på 1400 - 1800 mm.

Dominerande vindretning er saman med terrengforholda sær viktige for eksponeringsgraden av havstrandlokaliteten. Vindretninga på kysten er bestemt av lavtrykka. I fjord- og dalstrøka blir vindretninga i stor grad bestemt av retninga på fjordane og dalane,

## 2.3 GEOLOGI

Berggrunnen i fylket er dominert av granodioritiske gneisar med lengdeorientering nokolunde parallelt med kysten og sprekker vinkelrett på denne retninga. Desse strukturetningane dominerer landskapet med fjordar og sund - og styrer såleis kystlina si hovud retning. Mange stader dannar fjellgrunnen strandlinja - med slake svaberg eller bratte klippestrender.

Morene er den mest utbreidde løsmasse avsetninga i fylket. Under den marine grense (30 - 150 moh) kan ein finne marine avsetningar over morenane. Ved utlaupet av elvane ligg det sand- og grusdelta. Strandsona kan ha sitt eige sediment som er utvikla ved bølgeerosjon, -transport og sedimentasjon av underliggjande lausavleirningar. Sortering av utvalde kornstorleikar og rundsliping av stein og blokker er også viktige prosessar i strandsona. Slike strandsediment kan variere frå grove rullesteinar til fine sandstrender.

Dei fleste strandavsetningane i Møre og Romsdal er utvikla frå moreneavsetningar frå den siste istida. Dei best utvikla strandsedimenta finn ein naturlegvis i dei ytre, bølgeeksponerte områda. Her kan ein også finne sanddyner av vinddrift av einsarta, fin sand frå sandstrendene. Flygesand dannar sanddyner nokre stader på ytterkysten. Dei viktigaste flygesandområda er Giske på Sunnmøre og området Hustad - Farstad i Fræna.

I indre strøk finn ein grus- og sandstrender i tilknytning til elvedelta ved utlaupet av dei elvene. Ein kan også finne silt og leirestrender, også med innblanding av organisk slam (marin gytje). I område som er skjerma for bølgeaktivitet, finn ein ofte den opprinnelege moreneoverflata i strandsona.

Strandsona i Møre og Romsdal (normal vasstand  $\pm 2$ m) låg under sjøen inntil for eit par tusen år sidan og er løfta opp til dagens nivå p.g.a. den vedvarande landhevinga etter den siste istida. Dagens strandsona er såleis 1000-5000 år gamal, yngst i dei indre fjordstroka der landhevinga har vore størst, og eldst yst på kysten av Søre Sunnmøre.

Elveosen er endestasjonen for vassdraget sin massetransport. Materialet som blir ført med elva blir avsett i og utanfor utløpet, slik at elva med tida bygg ut nytt land i sjøen. **Delta** er det faglege uttrykket på denne spesielle formasjonen som ein finn ved alle elveutløp. Elveosen representerer elvevatnet sitt møte og innblanding med sjøvatnet i ein større eller mindre brakkvassone. Saman med elveosen sitt spesielle landskap gjev dette grunnlag for typiske og særeigne økosystem.

Mange av elvane som renn ut i vestlandsfjordane har bygd opp karakteristiske delta eller elveøyrrer. Elvane ute på kysten er jamt over mindre, og dei manglar ofte dei markerte elveøyrrerene. Dei fleste kystelvane munnar ut i smale og grunne vågar, eller **vågosar**, som ein ofte kallar dei på Nordmøre. Vi har på denne bakgrunnen delt elveoslandskapa i to hovudtypar som vi i denne planen nemner som «**delta**» og «**vågos**». Vi har funne dette som ei nyttig inndeling, sjølv om den ikkje er heilt fagleg presis.

Eit delta er som nemnt elveutløpet sin spesielle sedimentformasjon. Når vatnet i elva når utløpet, mister det farten. Materialet som vatnet transporterer vil då gradvis botnfelle. Størsteparten av dette materialet (vanlegvis sand og grus) blir likevel ført ut til og avsett i skrålag utanfor deltakanten som ligg like under fjæremålet. Slik bygg deltakanten og den undersjøiske deltaflata seg gradvis ut i sjøen, opptil nokre dm i året. Lenger inne på deltaflata blir det bygd opp eit grovare topplag. Saman med landhevinga som vi har i Noreg, fører dette til at deltaflata bygg seg sakte opp over havnivået. Deltaflata består derfor av ei

oversjøisk flate, og ei undersjøisk flate som dels blir tørrlagt ved fjære sjø. Det er vanleg at elveløpet eller -løpa vandrar over deltaflata. Derfor finn ein ofte gamle, forlatne elveløp i deltalandskapet. Desse er ofte vassfylde eller gjengrodde av myr.

Vassdraga ute på kysten i Møre og Romsdal er jamt over mindre enn dei store fjordvassdraga og dei manglar ofte dei typiske elvedeltaene/elveøyane. Ein annan skilnad er at mens fjordvassdraga som regel går rett ut i djup sjø utanfor deltakanten, munnar kystvassdraga ofte ut i grunne og smale vågar eller vågosar. Desse vågane dannar såleis ein gradvis overgang mellom elva og sjøen, ofte med eit markert brakkvasspreg. Ein finn også markerte brakkvassområde i fjordane, oftast i djupe, nesten avstengde pollar. I denne planen definerer vi også desse som vågosar.

Dei små kystelvene vil også danne delta, men dei er langt mindre dominerande i landskapet enn dei typiske delta i fjordane. Botnen av vågosen er dominert av fin sand og silt, ofte blanda med organisk slam. Tidvatnet fører desse sedimenta fram og tilbake langs botnen, men det er liten netto sedimentasjon i vågosane.

Sju delta i fylket er fysisk sett klassifiserte som store eller middels store. Dei to største er Syltøran i utlaupet av Surna og Håsøran i utlaupet av Driva.

## **2.4 HYDROGRAFI**

På grunn av svært variert topografi både over og under sjøoverflata, er dei hydrografiske tilhøva også svært varierte. Nivåskilnadene i tidvatnet er generelt aukande nordover langs kysten, og har ein middelvei på 1,34 m i Kristansund.

Straumtilhøva blir bestemt av dei to store straumsystema: 1. Kyststraumen, som fører relativt ferskt overflatevatn nordover frå Austersjøen og 2. Golfstraumen (Atlantehavsvatn). Golfstraumen er relativt varmare og meir salt enn Kyststraumen og hindrar isdanning i fjordane på Norskekysten. Straumtilhøva i fjordane er langt meir komplisert, på grunn av variabel undervassstopografi, og ein variabel ferskvasstilførsel frå større elver i fjordstrøka.

Straumtilhøva har stor innverknad på overflatetemperaturen i sjøen. Det er påvist små differansar i overflatetemperaturen (både middel-, maksimums- og minimumsverdiar) på kyststrekninga Stad - Smøla. Årlege minimumstemperatur er stigande nordover langs Norskekysten til Smøla.

Saltinnhaldet har liten årsvariasjon på ytterkysten, med eit minimum på ca. 31 - 32‰ i september og et maksimum i februar - mars på ca. 33 - 34‰. Saltinnhaldet i overflata i fjordane vert periodevis sterkt influert av stor tilførsel av ferskvatn frå elvane.

## **3. MATERIALE OG METODAR**

### **3.1 BOTANIKK**

Dei botaniske data byggjer i hovudsak på rapportane utarbeidd i samband med havstrandprosjektet i Midt-Noreg Økoforsk Rapp. 1986, 3A og B. Der er det på alle dei undersøkte lokalitetane fylt ut eit lokalitetsskjema og sett opp ei liste over planteartar. Lokalitetsskjemaet gir opplysningar om geografisk lokalisering, topografi, substrattyper, fordeling og sonering av registrerte plantesamfunn, eventuelle påverknader og inngrep, og ein førebels vurdering av botanisk verneverdi.



### 3.2 ZOOLOGI

Dei zoologiske data som er vurdert i rapporten, byggjer i hovudsak på tidlegare undersøkingar og rapportar. Når det gjelder ornitologi, byggjer denne rapporten i hovudsak på undersøkingar og verddivurderingar gjort i samband med utarbeidinga av, utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal, 1982, og på registreringar i samband med oppdatering av Naturbasen hos fylkesmannen. Naturbasen er også brukt som datagrunnlag når det gjeld annan viltinformasjon. Opplysningar om laks og aure i dei ulike vassdraga er henta frå 3 rapportar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal som gjeld lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i M & R ».

### 3.3 LANDSKAP/GEOLOGI OG GEOGRAFISK FORDELING

Vurderingane i rapporten som er knytt til landskap, byggjer i hovudsak på det arbeidet fylkesmannen og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har gjort når dei saman utarbeidde ein fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal. Målet med plana er formulert slik: *Å kome med innspel til det kommunale oversiktsplanarbeidet, og fremje eit grunnlag for ei heilskapleg forvaltning av elveoslandskapa i fylket.* 195 elveoslandskap/vassdrag vart registrert og vurdert. Utgangspunktet for arbeidet har vore landskaps- og biologiske verdiar knytt til elveosnaturen, i hovudsak desse verdiane:

- landskap med vegetasjon
- biologiske verdiar: artar, produksjon, økosystem
- verdi for fiskeoppgang og -produksjon
- identitet for tettstad
- kvartærgeologi
- friluftssinteresser
- inngrep

Ut frå dette blei elveoslandskapa delt inn i tre klasser (klasse 1,2 og 3).

I tillegg til dette dokumentet har vi også gjort egne synfaringar og fotografi. Fylkesgeolog Einar Anda har skildra og vurdert geologien i dei einskilde områda.

Geografisk fordeling av havstrand-/elveoslokalitane er vurdert i forhold til naturgeografiske regionar framlagt av Nordisk Ministerråd i 1977.

### 3.4 ANNA

Supplerande data mhp. botanikk, zoologi, landskap, inngrep og avgrensingar vart utførte i samband med feltundersøkingar foretatt av Bugge 1986 og 1993, og Oterhals og Folkestad i 1994.

## 4. VERDIKRITERIUM OG VERNEVERDIAR

Verneverdien er fastsett ved hjelp av ei mangfaldsanalyse. I denne verneplanen er det i verdsetjinga av lokalitetane i hovudsak lagt vekt på dei botaniske kriterium, men også zoologi, landskap, geologi, geografisk fordeling og grad av inngrep er vurdert.

## 4.1 BOTANISKE KRITERIUM

Dei botaniske vurderingane er henta frå Økoforsk rapport 1986: 3 A og B. Lokalitetar som her har fått verdi ++ , +++ eller ++++ er tatt med og vurdert i denne verneplanen.

- ++++ Sers verneverdig. Omfattar lokalitetar med internasjonal/nasjonal verneverdi
- +++ Verneverdig . Omfattar lokalitetar av nasjonal/regional verneverdi.
- ++ Litt verneverdig. Omfattar lokalitetar med regional/lokal verneverdi.

Ved den konkrete verdsetjinga av lokalitetane, særleg for dei mest verdifulle, er det skilt mellom typeområde og spesialområde. Eit typeområde er definert som eit representativt område for ein region eller eit større område. Spesialområde utgjer ofte mindre lokalitetar med særigne og oftast sjeldsynt flora. Ofte tilfredsstillar dei mest verdifulle områda begge desse kriteria, slik at dei beste typeområda også er spesialområde.

### 4.1.1 Konkrete verdikriterium vurdert i havstrandrapporten frå økoforsk.

**Vegetasjon:** *Samfunnstal og sjeldnsynte eller trua samfunn er vurdert.* To hovudgrupper av samfunn vert sett på som trua/sjeldsynte i Romsdal. Desse er: Strandenger av elveos-type og sanddyner.

**Flora:** *Artstal og førekomst av sjeldnsynte og/eller trua artar er vurdert.* Dei fleste lokalitetar har 50 - 70 artar (middels artsrikt). Tre lokalitetar har over 100 artar (svært artsrike). I alt 38 artar er karakteriserte som sjeldnsynte og/eller trua.

**Lokaliteten sin storleik:** Totalmaterialet er delt inn i: Små lokalitetar: <20.000 m<sup>2</sup>, middels store lokalitetar: 20 - 50.000 m<sup>2</sup> og store lokalitetar: >50.000 m<sup>2</sup>

**Inngrep:** Negativt kriterium som trekk ned verdien av lokaliteten. Dei aller fleste lokalitetane har ein eller annan form for kulturpåverknad.

## 4.2 ZOOLOGISKE KRITERIUM

Av zoologiske kriterium er verdiar knytte til høgt prioriterte våtmarksområde, som oftast ornitologiske verdiar, vurdert. Verdiar knyta til våtmark er henta frå grunnlagsmaterialet som vart innhenta under arbeidet med verneplan for våtmark i Møre og Romsdal.

Ein har dessverre ikkje hatt høve til systematisk å kartleggje dei totale verdiane i grunntvassområda som grensar opp til havstrendene. Men vi veit at delta/brakkvassområda er viktig for sjøaurens overleving om vinteren og for laksens inn- og utvandring. Mengda av ulike artar fugl i grunntvassområda indikerer at elveosane også er sær viktig for produksjonen og livet i sjøen.

### 4.2.1 Gradering av zoologiske kriterium

- VV Verna i våtmarksplanen
- RV Regional verdi i våtmarksregistrering
- LV Lokal verdi i våtmarksregistrering
- L Lakseførande elv
- A Sjøaureførande elv

### 4.3 LANDSKAP/GEOLOGI

Landskap og geologi er vurdert i samarbeid med fylkesgeolog Einar Anda for kvart einiskildt område. Synfaringar, foto og fylkesdelplanen for elveoslandskap, Økoforsk Rapp. 1986, 3A og B har også vore gode hjelpemiddel.

#### 4.3.1 Strandtypar

Strandtypane både geologi, landskap og biologi. Ein har her gått ut ifrå dominerande type, men for dei fleste områda vil det i praksis vere ein kombinasjon av ymse strandtypar.

Havstrand er i plana definert som alle strender som grensar til sjø. Strand- og vegetasjonstypane er delt inn etter ein substratskala:

SE - leirstrender (undervassenger, strandsumpar og strandenger),

SA - sandstrender (sandvegetasjon, sanddynestrender), grus- og steinstrender,

ST - rullesteinsstrender (inklusive eittårige og fleirårige tangvollvegetasjon) og

SB - strandberg.

I tillegg er det gitt ein omtale av elveutløpa i tre typar etter funksjon:

BP- brakkvasspoll (elva renn ut i ein avsnørt poll)

O- vågos (ikkje deltaflate)

D- elvedelta (elveosen dannar ei deltaflate)

#### 4.3.2 Geografisk fordeling av havstrand/elveos lokalitetane

**Naturgeografiske regionar:** Denne inndelinga vart framlagt av Nordisk Ministerråd i 1977. Norden er her inndelt i 60 ulike naturregionar, alle med sitt særpreg i natur og landskap. I Møre og Romsdal er seks av desse regionane representerte. Jf kart neste side. Det er to kystregionar (nord og sør), to fjordstrøkregionar (nord og sør) og ein fjellregion. Den sjetteste kjem såvidt innafør fylkesgrensa i Rindal kommune.

REGION 34: Bar- og fjellbjørkeskogsområdet nord for Dovre til Vestjemtland, 34a Skogen nord til Hattfjelldal i Nordland. Ingen av dei vurderte lokalitetane er i denne regionen.


REGION 35: Fjellregionen, 35e Møretindane. Ingen av dei vurderte lokalitetane er i denne regionen.

REGION 37: Vestlandets lauv- og furuskogsregion, 37f Nordfjord og Sunnmøres fjordstrøk. 23 av dei 111 vurderte lokalitetane ligg i denne regionen og 4 av dei prioriterte.

REGION 38: Den vestnorske lyngheiregion: 38c Nordvestkysten. 31 av dei 111 vurderte lokalitetane ligg i denne regionen og 4 av dei prioriterte.

REGION 39: Møre og Trøndelags kystskogregion: 39a Møre- og Sør- Trøndelagstypen. 27 av dei 111 vurderte lokalitetane ligg i denne regionen og 10 av dei er prioriterte.

REGION 40: Møre og Trøndelags kystregion: 40a Møre og Trøndelags kyst nord til Follafjorden. 30 av dei 111 vurderte lokalitetane ligg i denne regionen og 6 av dei prioriterte.



#### 4.4 ELVEOS

Den 10.3.95 vart «Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal» vedteken av Miljøverndepartementet. I planen er det i alt registrert 195 elveoslandskap der 89 vart prioriterte i regional- og nasjonal samanheng. I statusrapporten er det dokumentert nokre verdiar som er knytt til elveoslandskapa. I alt 51 elveosar er vurdert i denne verneplanen.

##### 4.4.1 Gradering av verdiar

Elveosane er gitt verdiar etter inngrep og storleik på vassdraget og om vassdraget er varig verna mot kraftutbygging. Verdsetjinga er gjort etter følgjande skala:

- 4 elveosar til store verna vassdrag utan inngrep
- 3 elveosar til små verna vassdrag utan inngrep
- 3 elveosar til store vassdrag med små inngrep
- 2 elveosar til små vassdrag med små inngrep
- 1 elveosar til små vassdrag med nokre inngrep

Reduksjon i vassføring p.g.a. eventuell kraftutbygging i vassdraget er ikkje tatt hensyn til ved verdsetjinga.

#### 4.5 ANNA AV VERDI FOR VURDERINGANE

Det er skjedd store inngrep etter 1986 som ikkje er vurdert i Økoforskrapporten. Dette kan m.a. vere søppeltømming, kjørespor, slitasje, nydyrking, gjødsling, kanalisering og masseuttak.

+ Verna vassdrag samt forskjellige botaniske, zoologiske eller geomorfologiske verdiar.

#### 4.6 VERNEVERDI

Dei mål som er lagt til grunn for verdsetjinga er forklart framom. Hovudvekta er lagt på Økoforsk Rapp. 1986, 3A og B. Dei fleste av dei lokalitetane som samla sett er vurdert å ha nasjonal eller regional verneverdi (\*\*\*\*, \*\*\*) i mangfaldsanalysen, er tilrådd verna etter naturvernlova i samband med denne verneplanen. Område med lokal verneverdi (\*\*) bør det

takast omsyn til i samband med generelt planarbeid i kommunane. Nokre område med regional verneverdi (\*\*\*) er også tilrådd plansikra.

#### **4.6.1 Verneverdiar**

- \*\*\*\* Nasjonal/internasjonale verneverdi
- \*\*\* Regional verneverdi
- \*\* Lokal verneverdi
- \* Liten registrert verneverdi

#### **4.7 TIDLEGARE VERNA OMRÅDE**

Verneplanen for våtmarksområde i Møre og Romsdal blei vedtatt i kgl. res. 27.05.88. Fleire av dei verna våtmarksområda er havstrender eller elveosar. Hovudverneformålet ved utveljing og avgrensing av desse har vore ornitologi, medan dei botaniske verdiane ikkje har vore like mykje vektlagt. Berre delar av områda med dei største botaniske verdiane er tatt med ved avgrensing av våtmarksområda, som t.d. Mellandvågen der området med dei største botaniske verdiane ikkje er med i våtmarksplanen. Denne verneplanen inneheld eit forslag til utviding av våtmarksområde Mellandvågen i Aure kommune for også å ta vare på dei store botaniske verneverdiane.

Seks område av sandstrandtypen, ni vågosar og berre to typiske elvedelta (ein liten del i utlaupet av Surna og Syltosen i Fræna) er verna etter naturvernlova i samband med våtmarksplanen for fylket.

To deltaområde er midlertidig verna som naturreservat i påvente av ein verneplan for havstrand og elveos. Dette gjeld Batnfjordsøra i Gjemnes kommune og Nauste ( utlaupet av Eira) i Nasset kommune.

#### 4.8 MANGFALDSANALYSE (TEGNFORKLARING JF S. 10 OG 13)

Kommunevis oversikt over område som har vore vurdert i samband med verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Tegnforklaringer er vist framom.

Kommune Lokalitet	Type	Nat.g eo. reg.	Bota -nikk	Zoologi	Elv eos	An na	Verne -verdi	Merknad
<b>Molde</b>								
Holmaleira	SE	39a	++				*	
Hovdenakken	SE/O	39a			2		**	
Osen	SE/O	39a	++	L/A - RV	3	+	****	«De- Geer» morener
Oltervågen	SE/O	39a	+	L/A - +	2	+	***	«De- Geer» morener Inngrep
<b>Ålesund</b>								
Humla	SE	38c	++				*	
Emleimsvågen	SE	38c			2		*	
<b>Vanylven</b>								
Åheim	SE/O	37f	++	L/A-LV	1		**	
Sylte	D	37f	+	L/A	2		**	
Øyrå	SE	37f	+	L/A-LV	2		**	
<b>Sande</b>								
Sandvik	D	38c	++	A	0		*	
Ristesund	SA	38c	++++	LV	0	+	***	Sanddyner
Vorasanden	SA	38c	++	VV	0		***	verna 27.05.88
Vågen (Sandshamn)	ST	38c	++	VV	0		***	verna 27.05.88
Vågen (Gurskebotn)	SE/O	38c		RV	2		*	
<b>Herøy</b>								
Tjørsvåg	SE/O	38c	++	L/A - LV	2		***	
Nøre Vaulen - Volsund	SE	38c	++	LV	0		**	
Goksøyr	ST	38c	++++	LV	0	+	***	Sjelden tangvollokalitet. Plansikring, eller anna form for sikring av plantelivet
<b>Ulstein</b>								
Fløstrendene	SA	38c	++	VV	0		***	verna 27.05.88
Haddalsvika	D	37f		L/A	2		*	
<b>Volda</b>								
Austefjord	SE	37f	++	L/A	1		**	
Kile	SE/O	37f		L/A	3		**	
<b>Ørsta</b>								
Øyevika	D	37f	+	L/A	3	-	**	Store inngrep
Ørsta	D	37f	+	L/A - LV	3	-	**	Ikkje naturleg deltafunksjon
Bjørke	D	37f		L/A	2		*	
<b>Stranda</b>								

Kommune Lokalitet	Type	Nat.g eo. reg.	Bota -nikk	Zoologi	Elv eos	An na	Verne -verdi	Merknad
Korsbrekke	D	37f	++	L/A	4		***	
Geiranger	D	37f	++	L/A	3		***	Plansikring
<b>Stordal</b>								
Stordal	D	37f	+	L/A	3		**	
<b>Sykkylven</b>								
Hundeidvik	D	37f	+	L/A	2		**	
Riksheim	D	37f		L/A	2		**	
<b>Skodje</b>								
Solnørвика	SE/O	37f	++	L/A - LV	3	+	****	Verna vassdrag
<b>Giske</b>								
Sandvika, Godøy	SA	38c	+		0	+	*	Sanddyner
Giske Vestside	SA/SE /ST	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Giske Nordaustside	ST/SA	38c	++		0		*	
Giske Austside	SA	38c	++++		0	+ -	**	Sanddyner Store inngrep
Synesvågen	SE	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Blimsanden	SA	38c	++++		0	+ -	**	Sanddyner Store inngrep
Roaldsnes	SA	38c	++		0	+	*	Sanddyner
Roaldsanden	SA	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Blindheimsvikane (Vikebukst aust)	SE	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Molneset	SA/ST	38c	+++	LV	0	++	****	Orkidèar, tangvollar rullesteinsstran d, flygesand, geologi
<b>Haram</b>								
Vestre	ST/SE	37f	++		0	++	**	Geologi
Vestanvika- Stavneset	ST	38c	++++		0	+	****	Østersurt, rullestein
Ullaholmen aust	ST	38c	++		0		***	
Rogneneset - Rogneholmen	ST	38c	++	VV	0		**	verna 27.05.88
Fjørtoftneset	ST	38c	++++	LV	0	++ ++	****	Foreslått i verneplan myr
Tennfjord	D	38c		L/A	2		*	
<b>Vestnes</b>								
Tresfjord	D	37f	++++	L/A - LV	1	+	****	Stort delta
Gjelstein	D	37f		L/A	3		**	
Fiksdal	D	37f		L/A	2		*	
<b>Rauma</b>								
Vågstranda	SE/BP /O	37f	+++	L/A	2	+	***	Brakkvasspoll
Raumaosen	D	37f	+++	L/A - LV	3		****	Plansikring
Hensøran	D	37f	++++	L/A - LV	3		****	
Rødven	D	37f		A	2		*	

Kommune Lokalitet	Type	Nat.g eo. reg.	Bota -nikk	Zoologi	Elv eos	An na	Verne -verdi	Merknad
<b>Neset</b>								
Nauste	D	39a	++++	L/A	4		****	Midlertidig verna 08.07.93
Eidsvåg	SE	39a	++	L/A	1		***	Plansikring
<b>Midsund</b>								
Leirstad	SE	38c	++		0		*	
Kvalvika	SA	40a	++		0		*	
Ræstادتangen	SE	40a	++	LV	0	++	***	Har høgare botanisk potensiale
<b>Sandøy</b>								
Malesanden	SA	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Lyngneset	SA	38c	++		0		**	
Vågen	SE	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Lyngholmane (Finnøy)	SE	38c	++++	VV	0		****	verna 27.05.88
Sandøy nordside - Sanden	ST	40a	++	LV	0		*	
<b>Aukra</b>								
Hjertvikbukta	SA	40a	++++	LV	2	+	****	marehalm i 1995
Røabukta	SA/SE	40a	++	VV-A	2		****	verna 27.05.88
Lauvika	SA/SE	40a	++	LV	0		*	
<b>Fræna</b>								
Langøysundet	SE	40a	++++		0		***	
Ytre Hoemsvågen	SE	40a	++		0		*	
Aureosen aust (Indre Hoemsv)	SE	39a	++++	L/A	0		****	verna 27.05.88
Sylteosen	SE	39a	++	L/A - RV	2		****	verna 27.05.88
Nerlandsbukta (Malefeta)	SA/O	40a	++++		2	+	****	sanddyne
Hustadbukta	ST/SB /SE	40a	++	L/A - LV	0		*	
Farstadbukta	SA/O	40a	+++	L/A - LV	2	+	***	sanddyne
Kråkholmen - Skottheimsvik	SE	40a	++	RV	0		*	
Sandbløst - Gaustadvågen	SE/BP /O	40a	++++	VV	2		****	verna 27.05.88
Aureosen	SE/O	39a		VV	2		***	verna 27.05.88
Malmefjord	D	39a		LV-L/A	2		**	
Stavik	D	40a		LV-L/A	2		**	
<b>Eide</b>								
Svanvik	SE/O	39a	++	VV-L/A	3		****	verna 27.05.88
<b>Averøy</b>								
Storleira i Hendvågen	SE	40a	++	VV	0		***	verna 27.05.88
Bafjæra	SE/O	39a	++	L/A - LV	1		**	Plansikring
<b>Frei</b>								
Orstranda	SE/O	39a	++		0		*	
Nerbolga	SE	40a	++		0		*	



Kommune Lokalitet	Type	Nat.g eo. reg.	Bota -nikk	Zoologi	Elv eos	An na	Verne -verdi	Merknad
<b>Gjemnes</b>								
Batnfjordsøra	D	39a	++++	L/A-RV	2		****	Midlertidig verna 25.02.91
Høgsetleira	SE	39a	++++		0	+	****	Leire, artsrik
<b>Tingvoll</b>								
Straumsvågen - Kamsvåg	SE/BP	39a	++	L/A - TLV	0		*	
Torlujvågen	D	39a	+	L/A	1		*	
Meisingset - Hanemsvågen	SE/O	39a	+	L/A - LV	2		**	
<b>Sunddal</b>								
Øksendalsøra	D	39a	++	L/A	2	++	****	Kulturvern
Håsøran	D	39a	++++	L/A - RV	4		****	
Fuglvågen	D	39a	+	L/A - LV	3		***	plansikring
<b>Surnadal</b>								
Søysetstranda	D	39a	++	L/A - LV	4		****	
Surnadalsøra	D	39a	++	L/A - VV	3		****	verna 27.05.88
Todalsøra	D	39a	+	L/A - LV	4		****	
<b>Aure</b>								
Follfjorden, Dalen	SE	40a	+		0		*	
Ertvågen	SE	40a	+	LV	0		*	
Todalsøyra	D	39a	+	L/A - LV	3		***	plansikring
Stemshaug	SE	39a	+	LV	0		*	
Mellandsvågen	SE/SB /ST	40a	++++	VV	0		****	Delar verna 27.05.88
Aure	D	40a		L/A	2		*	
Gjelaelva	D	40a			3		**	
<b>Halsa</b>								
Reitvågen	SE/O	39a	++++	L/A	0	+	****	spesialområde
<b>Tustna</b>								
Jørgenvågen	SE/O	40a	++	A - LV	2	-	**	inngrep
Ramsvikbukta	SE	40a	++		0		*	
Solheimsbukta	D	40a		A - LV	2		*	
Linvågen	SE/O	40a		A	2		**	
<b>Smøla</b>								
Fuglevågen	SE/O	40a	+	A	3		***	Anna sikring
Skarpegårdsvågen	SE/ST	40a	++		0		*	
Rossvolløya NØ	SE	40a	++		0		*	
Skyvågen	SE/BP	40a	++		0		*	
Litleneset	SE	40a	++++		0	+	***	Brakkvassenger Verneplan for Smøla

## **5. KARTREFERANSAR**

Kartreferansar er tatt ut frå N-1:50 000 og er oppgitt for kvart enkelt område. Kart utgitt etter 1984 har koordinatsystemet UTM sone 32 WGS84 som avvik noko frå dei gamle karta som har koordinatsystemet UTM sone 32 ED50.

## 6. PRIORITERTE HAVSTRAND- OG ELVEOSLOKALITETER

Lokalitet	Kommune(nr.)	Type	Verneverdi
1. OSEN	Molde (02)	Strandeng/vågos	****
2. OLTERVÅGEN	Molde(02)	Strandeng/vågos	***
3. RISTESUND	Sande(14)	Sandstrand/dyne	***
4. TJØRVÅG	Herøy(15)	Strandeng/vågos	***
5. KORSBREKKE	Stranda(25)	Elvedelta	***
6. SOLNØRVIKA	Skodje(29)	Strandeng/vågos	****
7. MOLNES	Giske(32)	Sandstrand/rullesteinstrand/dyne	****
8. VESTANVIKA- STAVNESET	Haram(34)	Rullesteinstrand	****
9. TRESFJORD	Vestnes(35)	Elvedelta	****
10. VÅGSTRANDA	Rauma(39)	Strandeng/brakkvasspoll /vågos	***
11. HENSØRAN	Rauma(39)	Elvedelta	****
12. NAUSTE	Neset(43)	Elvedelta	****
13. RÆSTADTANGEN	Midsund(45)	Strandeng	***
14. HJERTVIKBUKTA	Aukra(47)	Sandstrand/dyne	****
15. LANGØYSUNDET	Fræna(48)	Strandeng	***
16. NERLANDBUKTA	Fræna(48)	Sandstrand/dyne/vågos	****
17. FARSTADBUKTA	Fræna(48)	Sandstrand/dyne	***
18. BATNFJORDSØRA	Gjemnes(57)	Elvedelta	****
19. HØGSETLEIRA	Gjemnes(57)	Strandeng	****
20. ØKSENDALSØRA	Sunnadal(63)	Elvedelta	****
21. HÅSØRAN	Sunnadal(63)	Elvedelta	****
22. SØYSETSTRANDA	Surnadal(66)	Elvedelta	****
23. TODALSØRA	Surnadal(66)	Elvedelta	****
24. REITVÅGEN	Halsa(71)	Strandeng/liten vågos	****
25. MELLANDVÅGEN	Aure(69)	Strandeng/strandberg /steinstrand	****

## AREALOVERSIKT

	TOT.AREAL	AREAL SJØ	AREAL LAND (da)
1. OSEN	256	211	45
2. OLTERVÅGEN	223	163	60
3. RISTESUND	101	77	24
4. TJØRVÅG	68	35	33
5. KORSBREKKE	98	74	24
6. SOLNØRVIKA	47	32	15
7. MOLNES	685	242	443
8. VESTANVIKA-STAVNESET	300	193	107
9. TRESFJORD	150	84	66
10. VÅGSTRANDA	566	423	143
11. HENSØRAN	490	330	160
12. NAUSTE	900	443	457
13. RÆSTADTANGEN	135	55	80
14. HJERTVIKBUKTA	740	551	189
15. LANGØYSUNDET	745	553	192
16. NERLANDSBUKTA	560	447	113
17. FARSTADBUKTA	263	211	52
18. BATNFJORDSØRA	224	99	125
19. HØGSETLEIRA	178	128	50
20. ØKSENDALSØRA	183	81	102
21. HÅSØRAN	965	657	308
22. SØYSETSTRANDA	360	230	130
23. TODALSØRA	400	247	153
24. REITVÅGEN	230	107	123
25. MELLANDSVÅGEN	500	230	270
<b>TOTAL (da)</b>	<b>9367</b>	<b>5903</b>	<b>3464</b>

**Kart**

## 6.1 OSEN I MOLDE KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Eide 1320 IV, MQ 345 630(UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Strandeng/vågos****
Landareal i dekar:	45
Sjøareal i dekar:	211
Gards- og bruksnummer:	87/1 88/1,3,6 90/1 92/3

---

### OMRÅDESKILDRING

Osen ligg skjerna innafor ein holme og to nes. Strandengene er best utvikla på grusøyrrar utafor elveosen. Området grensar mot dyrkamark, gråorskog og noko furuskog. Det er ikkje gjort vesentlege inngrep i området. Ved brua er det restar/ruinar av Osen jarnverk. Fosterlågen og Osvatnet jamnar ut vassføringa i vassdraget. Vassdraget er verna (verneplan IV).

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Osen er ein middels artsrik lokalitet med 55 registrerte artar. Sjeldan art påvist er saltstorr. Krypkevein er den dominerande samfunnstypen i Osen. Av andre samfunnstypar kan nemnast raudsvingeleng (+++), strandkrypgrusstrand (++) og høgurt-fleirårsvoll (++) med mjøduart som dominant art.

**Zoologi:** Området er vurdert i våtmarksplanen til å vere overvintringsområde og rasteplass for vassfugl med lokal verneverdi. Område er eit særskilt viktig funksjonsområde også for andre våtmarkstilknytte fuglearter. Oselva har stor produksjon av laks og aure.

**Landskap/geologi:** I Osen ligg fleire morenerygger på tvers av fjorden og elva. Desse dannar tersklar og nes. Desse moreneryggene tilhøyrer eit større system av spesielle «de-Geer» morener i området Fannefjorden-Fosterlågen. På grunn av bølgeskjerminga er det utvikla lite strandsediment i dette området.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er samla sett å sikre ein nasjonalt sjeldan naturtype med strandenger ved utlaupet av eit verna vassdrag samt ein vågos med eit stort sett intakt økosystem.

### UTFØRTE INNGREP

Osen er beita av storfe og hest. Delar av beite er overflatedyrka og blir årleg gjødsla.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Grustekt. Gjødsling av beitemark.

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.

Kart

## 6.2 OLTERVÅGEN I MOLDE KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Eide 1320 IV, MQ 322 632 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Strandeng/vågos***
Landareal i dekar:	60
Sjøareal i dekar:	163
Gards- og bruksnummer:	70/1,2,4,5,6 89/1,3,7,8,11

---

### OMRÅDESKILDRING

Oltervågen, inst i Fannefjorden, ligg svært skjerma med strandenger og sumpområde ved eit langt og smalt elveutlaup, Olteråa. Området grensar mot gråorskog i nord og blandingskog furu/bjørk i søraust.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Oltervågen er artsrik med 73 registrerte artar. Sjeldan art påvist er saftstjerneblom. Krypkevein er den dominerande samfunnstypen i nordlege delen av Oltervågen. Av andre samfunnstypar kan nemnast skjørbuksurtforstrand (++) , fjøresaltgraseng (+), saltsiveng (+), raudsvingeleng (+++), fjøresivakseng (+++), rustsivakseng (++) , fjørestorring (+++), pøylestorrpøl (+), kvekevoll (+), strandkrypgrusstrand (++) , lågurt- fleirårsvoll med gåsemure(++) og høgurt-fleirårsvoll (++) med mjøurdurt som dominant art. I Oltervågen finst etablert dyne på relativt grovt substrat og på nordsida er det eit større sumpområde med store bestandar av lyssiv.

**Zoologi:** Området er vurdert i våtmarksplanen til å vere overvintringsområde og rasteplass for vassfugl med lokal verneverdi. Område er eit særskilt viktig funksjonsområde også for andre våtmarkstilknytte fuglearter. Olteråa fører laks og sjøaure. Elva har stor produksjon av anadrome fiskeslag.

**Landskap/geologi:** Oltervågen er ein liten vågos med stor tidevassflate i eit langt på veg urøyrte landskap. Dominerande materiale er grus med grov sand.

### Aktuell verneform for området er naturreservat.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein sjeldan naturtype med artsrike strandenger ved utlaupet av Olteråa, og ein variert vågos/fjordbotn område der økosystemet stort sett er inntakt. Samla sett er området av regional verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Olteråa er kraftutbygd. Kraftverket ligg slik til at alt vatnet frå kraftverket går ut i elveosen. Det er gjennomgåande konstant vassføring i elva med ekstra vassføring frå Silsetvatnet. I Oltervågen har det vore ein del grustekt i elveutlaupet. Området er brukt som friluftsområde-, spesielt for fiske. Tydeleg slitasje på vegetasjonen, -særleg i elveosen. Det er nokre køyrespor på stranda.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Grustekt.

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.



**Kart**

### 6.3 RISTESUND I SANDE KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Vanylven 1119 III, LQ 117 041 (UTM sone 32 ED50)
Naturgeografisk region:	38c
Vernekategori:	Sandstrand/dyne***
Landareal i dekar:	24 daa
Sjøareal i dekar:	77daa
Gards- og bruksnummer:	61/4, 9

---

#### OMRÅDESKILDRING

Området ligg på nordsida av Kvamsøya i Sande kommune. Lokaliteten er ei finsandstrand med fordyner og etablerte sanddyner. Lengst sør og i nord fins tangvoller framfor og på høgde med fordynene. Midt i lokaliteten er eit bekkeutlaup. I sør grensar området til bilveg, i aust og nord til dyrkamark.

#### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er middels artsrikt, med 54 registrerte artar, med forekomstar av sjeldsynte og truga sørlege sandstrandartar som marehalm, strandreddik og sandstorr. Andre samfunn er ålegraseng (+), tangmjeldevoll (++), kvekevoll (+) og strandarvefordyne (+++). Lokaliteten har noko igjen av svært fint utforma og artsrik etablert dyne som er sjelden elles i fylket.

**Zoologi:** Strandområdet er ein del av eit større samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr. Aktuelle artar om vinteren er lommar, gråstrupedykker, storskarv, toppskarv, stokkand, rødstilk, teist, ærfugl, havelle, sjøorre, kvinand og siland. Like sør for lokaliteten er det yngleplass for sel, og både havert og steinkobbe beiter i området. Etter dei data som ligg føre, er området vurdert som lokalt og regionalt overvintringsområde for fugl med hovedvekt på sjøfugl.

**Landskap/geologi:** Svært eksponert og vegetasjonsfri ytre finsandstrand som lenger inn går over i flygesanddyner som aktive dyner ytterst med gradvis mer stabil vegetasjon mot dyrka mark.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit relativt intakt sanddyneområde som ein typelokalitet for sørleg og varmekjær sanddynevegetasjon. Området har samla sett verdi som eit regionalt typeområde.

#### UTFØRTE INNGREP

Sanddynene har dei siste åra fått store erosjonsskader,- sist vinteren 1992. Den største brotkanten vart forbygd i 1989. Forbygging langs vegen er ikkje gjennomført i tråd med tilrådinga frå miljøvernavingdelinga i 1989. Det er derfor ikkje lagt til rette for regenerering av vegetasjonen. Det er også dumpa gamal silo i overkant av forbygginga, noko som drep dei sandbindande artane. Sanddynevegetasjonen er gjødsla og beita i den norlige del av bukta. Midt i området, ved bekkeutlaupet, er det ein tømmeplass for mellom anna stein. På sørsida er det ei vegfylling. Svak sandtekt i nord ved nausta.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Jordbruk, beite, sandtekt og avfallstømming.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK

Ein må skrå forbygginga noko meir og leggje på sand og torv på utsida slik at det kan rotfeste seg ny og sandbindande vegetasjon over, evt. plante med marehalm, strandrug og strandstorr.

#### KJELDER

Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 6.4 TJØRVÅG I HERØY KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Ålesund 1119 I, LQ 306 102 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	38c
Vernekategori:	Strandeng/vågeos***
Landareal i dekar:	33
Sjøareal i dekar:	35
Gards- og bruksnummer:	53/ 1,7,8,14,25,36,38,41,87,88

---

### OMRÅDESKILDRING

Ei noko eksponert grusstrand i utlaupet av Tjørnvåelva. Utafor er ei stor gruntvassflate. Lokaliteten grensar i sør, vest og aust mot veg og gjengroingsmark. Området ligg ca. 1 km sørvest for Stokksund/Blikkvågane fuglefredingsområde. Tjørnvågelva er ei mindre elv (nedbørsfelt på 11 km<sup>2</sup>) med lite inngrep. Elveoslandskapet er ein vågos som blir danna av to små elver som munnar ut i vågen. Begge er intakte elveosar med små inngrep.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er middels artsrik med 54 registrerte artar. Av samfunnstypar finn ein saltsiveng (+++), raudsvingel-tirilltunge-fjørekkoll-eng (+++), strandkryp-forstrand (+++), fjøresivaks-eng (+++), rustsivakseng (++) , fjørestorreg (++) og kvekevull (+). Strandskog med gamal gråor (urskogliknande sumpskog) i vestenden av lokaliteten. Mest strandvegetasjon på grusøyr i indre del av elveutlaupet.

**Zoologi:** Etter dei data som ligg føre, er området vurdert som raste og overvintringslokalitet for vassfugl med lokal verneverdi. Aktuelle artar om vinteren er stokkand, ærfugl, siland, skarv, gråhegre, bergand, kanadagås, kvinand, lomvi og sangsvane. Området ligg i nær tilknytning til Stokksund/Blikkvågane fuglefredingsområde og er derfor ein del av eit større samanhengande og viktig beiteområde for sjøfugl. Det er oppgang av laks og aure i Tjørnvågelva.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein relativt urørt vågos,- som det einaste på ytre Sunnmøre. Området har samla sett verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og danner ein gradvis overgang mellom elv og sjø.

### UTFØRTE INNGREP

Diverse spreidd metallavfall frå skipsverftet. Kloakkutslipp. Liten steinmolo nær utlaupet av elva.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR:

Små.

### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK

Herøy kommune bør proritere Tjørnvågstranda i utbygging av kloakknett i samsvar med godkjend kloakkrammeplan.

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 6.5 KORSBREKKE I STRANDA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Geiranger 1219 II LP 892 852 (UTM sone 32 ED50)
Naturgeografisk region:	37f
Vernekategori:	Elvedelta***
Landareal i dekar:	24
Sjøareal i dekar:	74
Gards- og bruksnummer:	60/1,2,4

---

### OMRÅDESKILDRING

Korsbrekke ligg ved utlaupet av Korsbrekkelva inst i Sunnylvfjorden. Elva er ei middels stor vestlandselv som dannar eit fjorddelta med lågtliggjande strandenger på små øyrer. Området er lite fordi deltaområdet er utfyllt i vest og er intensivt dyrka i sør. Lokaliteten omfattar elveosen med den gjenverande naturlege vegetasjonskanten. Som økosystem må land- og vassareala i elvedeltaet sjåast under eit. Området er derfor avgrensa utover til den omtrentlege deltakanten. Strandengene på austsida av utlaupet har typisk utforming for dei svært brakke forholda inst i dei djupe Sunnmørsfjordane. Vassdraget er verna oppstraums frå Frøysa.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er heller artsfattig med 42 registrerte artar. Dominerande samfunnstype er fjøresivaks-eng(+++). Av sjeldne/trua artar fins saltarve og den einaste lokaliteten i indre strøk av fylket med saltbendel-panne. Andre registrerte samfunn er skjørbuksurt-forstrand(+++), saltsiv-eng(+), raudsvingel-eng(++), kvekevoll(+) og gåsemurevoll(+).

**Zoologi:** Gruntområda i elveosen har funksjon for næringssøkjande måsar og ender. Korsbrekkelva fører laks og sjøaure i ca. 3 km, laks er den dominerande arten.

**Landskap/geologi:** Grusdominert deltastrand med elveøyrrer, elveløp og tidevassflate.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å ta vare på det biologiske mangfaldet ved å sikre eit av dei to einaste gjenverande, delvis inntakte elvedeltaene inst inne i dei djupe Sunnmørsfjordane. Området har samla sett verdi som eit regionalt typeområde.

### UTFØRTE INNGREP

Austsida er intakt, medan vestsida er fylt ut med stein. Midt i området er det bygd ein molo med eit naust på enden.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Reguleringsplanen for Hellesylt frå 1973 viser at det er planlagt meir utfylling på vestsida enn det som er idag, noko som vil forandre gruntvassområdet og deltafunksjonen ytterlegare.

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.

kart



## 6.6 SOLNØRVIKA I SKODJE KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Stranda 1219 I LQ 828 306 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	37f
Vernekategori:	Strandeng/vågos****
Landareal i dekar:	15
Sjøareal i dekar:	32
Gards- og bruksnummer:	15/1

---

### OMRÅDESKILDRING

Solnørvika ligg ved utlaupet av Solnørrelva på nordsida av Storfjorden. Vassdraget er eit særst variert vassdrag med store naturfaglege, pedagogiske og forskningsmessige verdiar.

Solnørvassdraget er eit varig verna vassdrag (verneplan IV for vassdrag). Rett aust for vika ligg Liafjellet som er eit midlertidig verna barskogreservat. Lokaliteten er ein svært skjerna vågos med flate øyrer og ei langgrunn strand med strandeng.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er artsfattig med 24 registrerte artar. Av samfunnstypar finn ein saltsiv-eng (+++), raudsvingel-eng (++), strandkjempe-eng (+++), fjøresivaks-eng (+++) på sørsida av elva, lågurt-fleirårsvoll (+) med gåsemure og tiriltunge og mjørdurt-voll (++). På nordsida er eit særst interessant, lågtliggjande saltengparti, med gradvise overgangar mellom dei ulike vegetasjonstypane pga svært små skilnader i høgde over havet. Lignande tilhøve er knapt sett andre stadar, og lokaliteten burde bli undersøkt nærare.

**Zoologi:** Området er vurdert i våtmarksplanen til å vere overvintringsområde og rasteplass for vassfugl med lokal verneverdi. Område er eit særst viktig funksjonsområde også for andre våtmarkstilknytte fuglearter. Solnørvassdraget er lakse- og sjøauførande i 4,5 km.

**Landskap/geologi:** Eit lite delta av stein og grus. Lite utvikla strandsediment pga bølgeskjerming.

**Lokaliteten er vurdert til å vere av regional/nasjonal verneinteresse, ut frå dei data som ligg føre, karakteren av området og at det nesten ikkje fins "urørte" lokaliteter av denne typen innover i fjordane på Sunnmøre. Naturreservat er vurdert som aktuell verneform.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein typelokalitet for vågosstrand i utløpet av eit nasjonalt verna vassdrag i midtre strøk på Sunnmøre. Samla sett av nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Stort, gult, svært skjemmaende kraftkabelskilt på sørsida. Bålplassen på sørsida er også skjemmaende i eit så lite område. Lite elvekraftverk som fortsatt er ibruk.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Små

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.

kart

## 6.7 MOLNES I GISKE KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Vigra 1120 II LQ 505 430
Naturgeografisk region:	38c
Vernekategori:	Sandstrand/rullestein/dyne****
Landareal i dekar:	443
Sjøareal i dekar:	242
Gards- og bruksnummer:	2/1,2,3,4,5,6,7,8,9,10 1/1,17,18,21,23,75

---

### OMRÅDESKILDRING:

Lokaliteten ligg eksponert mot havet og har dels rullesteinstrender, dels sandstrender med mindre aktive flygesandsfelt, dels etablerte sanddyner oppover mot fjellfoten med aktive flygesandsfelt ved fjellfoten, og delvis også svaberg. Det blir vanlegvis lagt opp tangvollar i området. Området grensar opp mot dyrkamark i Naustvika i vestenden. Sør i vestenden er minste lågvasstand foreslått som grense. Sør for Naustvika er strandkant/minste lågvasstand foreslått som grense. Området blei ikkje undersøkt i 1984 i samband med havstrandregistreringane i Møre og Romsdal.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Etter dei data som ligg føre, synes området å vere botanisk verneverdig. Ein kan merke seg store forekomstar av orkidear i grasbakkane mellom fjellfoten og stranda med mellom anna dei freda artane vårmarihand, engmarihand og den sjeldsynte arten strandmarihand. I delar av lokaliteten er det sanddyner med m.a. sandstarr. Andre registrerte artar er stortveblad, knortestorr og busttjønnaks. Desse artane indikerer eit særprega plantesamfunn og område med kalkkrevjande vegetasjon.

**Zoologi:** Tjeld, sandlo og gravand er hekkefuglar, men elles er området av interesse i trekktida og om vinteren, sær for fugl som beiter i tangvollane. Dette gjeld først og fremst småvadarar som steinvender og fjøreplytt, i trekktida også sandlo og myrsnipe. Dette er eit av dei områda som blir nytta av rastande kvitkinngås og andre gåsartar under trekket. Området blei vurdert som regionalt verneverdig i verneplanen for våtmark .

**Landskap/geologi:** Klippestrand, rullesteinsstrand, sandstrender og flygesandavsetninger. Aktiv flygesandtransport 100-200m frå sjøen. Sjeldsynte samansatt og variert strandlandskap som svarar til det ein m.a. finn på Stadtlandet.

### Aktuell verneform for området er naturreservat.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit stort samanhengande relativt urørt område med stor variasjon av strandtypar og eit sjeldan samansatt og variert strandlandskap med kalkkrevjande vegetasjon med bl.a.fleire freda orkidéartar. Området er samla sett vurdert til å vere av nasjonal/internasjonalt verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Motorsykkel spor. Spor etter uttak av rullestein.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Bruk av rullestein i eit bygdeutviklingsprosjekt. Skyteøvingar.

### KJELDER

Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 6.8 VESTANVIKA/STAVNESET I HARAM KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Vigra 1120 II LQ 550 510 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	38c
Vernekategori:	Steinstrand*****
Landareal i dekar:	107
Sjøareal i dekar:	193
Gards- og bruksnummer:	14/2,7,8,12,14

---

### OMRÅDESKILDRING

Området omfattar ei svært eksponert grus- og rullesteinstrand i Vestanvika, og ei sandstrand i Kvalvika på vestsida av Haramsøy. Vestanvika dekkjer ei fleire hundre meter strandlinje med m.a. urakatt og krushøymol på grov, solvarm rullesteinstrand. Lenger nord er det strandberg i veksling med stranddammar og strandeng. Lokaliteten grensar til beitemark og veg.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er artsrik med 86 registrerte artar med mellom anna med dei sjeldsynte artane østersurt, dikesvineblom, urakatt, knortestorr, heistorr og bogestorr. Av samfunnstypar finn ein tusenblad-dam (+), raudsvingel-eng (+++) med svakt vollpreg, strandstjerne-steinstrand (+), balderbrå-voll (+), gåsemure-voll (+), krushøymole-voll (+), østersurt-steinstrand (+), urakatt-steinstrand (+), klengjemaure-steinstrand (+), strandberg og beitepåvirka øvre sone med mange antropokorer (+++).

**Zoologi:** Strandområdet er ein del av eit større, samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr. Like nord for lokaliteten er det eit fuglelivsfredingsområde.

**Kulturlandskap:** Lokaliteten ligg i tilknytning til eit større område, Skuløy-Haramsøy-Ytre, som er registrert i samband med «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal». Karakteristisk for dette området er dei store strandflatene. Landskapet er eit særprega kystlandskap med vekselvis lynchhei, bergknausar og beitemarker.

**Fornminne:** 7 ringar i rullesteinsområdet er registrert som fornminne. Dei ligg ca. 100 m frå stranda og ca. 10 m o.h.

**Landskap/geologi:** Rullesteinstrand(sør) og klippestrand med små sandstrender (nord).

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ei artsrik, lang grus- og rullesteinsstrand som eit spesialområde for ein av dei beste østersurt- og urakattforekomstane i fylket. Området har samla sett verdi som eit nasjonalt spesialområde.

### UTFØRTE INNGREP

Rullesteinstranda har vore utnytta etter eige behov og for sal av stein. Intensivt beite. Gjødsling av grasmark i nord. Køyrespor langs heile stranda.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Masseuttak. Gjødsling av beite.

### KJELDER

Aksdal, S., 1994; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; Universitetet i Bergen, Historisk museum 1989.

KART

## 6.9 TRESFJORD I VESTNES KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Vestnes 1220 II MQ 040 339 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	37f
Vernekategori:	Elvedelta****
Landareal i dekar:	66
Sjøareal i dekar:	84
Gards- og bruksnummer:	13/1,2,3,5,7,8,9,19,32,45 20/6,17,147

---

### OMRÅDESKILDRING

Området er eit elvedelta som ligg på sørsida av Romsdalsfjorden inst i Tresfjorden ved utlaupet av elva Tressa. Vassdraget er ikkje regulert til kraftutbygging. Lokaliteten grensar til dyrkamark og gråorskog langs elveløpet. På sørsida er nokså urørte strandengar som grensar til veg og ein kyrkjegard. På nordsida grensar lokaliteten mot eit industriområde og ein travbane.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er artsrik med 83 registrerte artar. Ein sjeldsynt art er saftstjerneblom. Av velutvikla samfunnstypar kan ein nemne skjørbusurtforstrand (+++), strandkjempe-samfunn (++) med strandkryp, gåsemure og tett bunnskikt av trådkrypmose, fjøresivakseng (+) langs dreneringsbanar og i pøl, saltsiveng (+), raudsvingel-eng (+++), strandkjempe-strandkryp-forstrand (+), rustsivakseng (+), krypkveineng (++) , havstorr-eng (+), strandarveforstrand(++), strandrugvoll (+), strandrøyrvoll (+), kvekevoll(+) og høgurt fleirårsvoll (+++) med mjødukt og hundekjeks.

**Zoologi:** Lokaliteten var vurdert som lokalt verneverdig i tidlegare våtmarksregistreringar. Langs ytre del av stranda ligg ein tett blåskjellbanke. Til å vere i indre fjordstrøk er det relativt konsentrerte fugleforekomstar, med hekkande tjeld, vipe og raudstilk. Ved seinare undersøking er området vurdert som regionalt verneverdig m.o.t. fugl, tydelegvis spesielt viktig som vårbeiteplass for hekkande fugl i landskapet rundt, men også for ein del hekkande vadefugl og måsar i sjølve området. Av aktuelle artar om våren er gråhegre, stokkand, siland, sivhøne, tjeld, vipe, storspove, raudstilk, hettemåse, fiskemåse, gråmåse, svartbak, ringdue, kråke, stare og linerle. Tressa har oppgang av laks og aure.

**Landskap/geologi:** Deltaet med tidevassflate og med forgreiningar av elveutlaupet har restar etter fleire tidlegare løp som delvis er gjengrodde. Strandenger.

**Området har variert strandflora, mange strandtyper og har stor zoologisk, botanisk og geologisk verneverdi. Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre det største gjenverande og relativt urørte elvedelta i fylket,- der strandområdet er bygd opp omkring eit sentralt elveløp. Området har verdi som eit nasjonalt typeområde.

### UTFØRTE INNGREP

På vestsida er det mykje trakk etter hestar og der har til dels vore hardt beita. Elva er kanalisert og forbygd, noko som har redusert den morfologiske verneverdien.

#### **KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Hestebeite. Vidare forbygging langs elva. Deltaet er hardt pressa frå utbyggingsinteresser på alle kantar. Idag vert det fylt ut til industri i vest og kyrkjegard i aust, dette er i samsvar med godkjende reguleringsplanar.

#### **KJELDER**

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977.



kart

## 6.10 VÅGSTRANDA I RAUMA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1320 III MQ 145 420
Naturgeografisk region:	37f
Vernekategori:	Strandeng/Brakkvasspoll/vågos***
Landareal i dekar:	143
Sjøareal i dekar:	423
Gards- og bruksnummer:	185/1 186/1 188/1,2 189/1-4,8 190/1-5,7 191/1-3

---

### OMRÅDESKILDRING

Området er ein nesten avsnørt brakkvasspoll med sterk tidevasstraum i utlaupet. Den ligg på sørsida av Romsdalsfjorden mellom Tresfjord og Måndalen. Lunds fjellet som er foreslått i verneplanen for barskog, ligg mellom fjorden og pollen nordaust for området. Lengst i nord ligg ei skjerna strandflate med mykje stein i strandengene som er dominerte av ulike salt- og brakkvasseng-typar. Inst i pollen er utlaupet av Vågselva som dannar ein liten vågos. Der er lokaliteten dominert av store brakkvassenger som er delt i to av ein framstikkande odde med ore/furuskog.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** To lokalitetar innafor det foreslåtte området er skildra i Økoforskrapporten.

1) Nordenden av vågen er middels artsrik med innergrense for havbendel og salturt, og med interessante utformingar av bakre brakkvassenger med m.a. musestorr-dominerte parti. Vanlegaste vegetasjonstype er rustsivakseng. Av andre velutvikla samfunnstypar kan nemnast fjøresaltgraseng (++) med salturt og havbendel, saltsiveng (+++), raudsvingel-urteeng (++) , fjørestorring (+++), musestorr-bestand (++) , pøylestorr-pøl, blåtopp-hanekam(++), gåsemurevoll (+) og høgurtvoll med mjødurt og hundekjeks. Lokaliteten er nær sørgrensa for pøylestarr.

2) Botnen av vågen er også middels artsrik med mykje pøylestorr, ein god del grusstorr og saltstorr. Samfunnet her er saltsiv-eng (+), raudsvingeleng (+++), fjøresivaks-bestand (+), krypkvein-eng (+), rustsivaks-eng (+++), småsivaks-eng (+) med musestorr, fjørestorr-eng (+++), pøylestorr-pøl (++) , småkrypkvein-eng (+), blåtopp, dominerte parti med hanekam (+), kvekevoll (+), gåsemurevoll(+) og høgurt fleirårsvoll (++) med mjødurt og sløke.

Lokaliteten har uvanleg store brakkvassenger med fine soneringar mellom samfunnstypane.

**Zoologi:** Området er ikkje vurdert i våtmarksplanen. Aktuelle hekkande fugl i området er måse og terne på Skardholmen og raudstilk og vipe på Øyran. Ein kan elles ut i frå dei data som ligg føre, si at området har ein viktig funksjon som raste- og overvintringsplass for vassfugl. Vågselva har oppgang av laks og sjøaure. Vågstranda har naturleg reproduksjon av østers. Den er ca. 10 m djup og har alltid hatt god næringstilgang og dermed gode tilhøve for stor reproduksjon av østers. Vågstranda blei av Nordisk Ministerråd (1984) plukka ut som eit av dei 10 mest verneverdige marine områda i Møre og Romsdal.

**Landskap/geologi:** Vågselva er eit lite lågland/fjordvassdrag. Elva dannar eit lite vågos i ein brakkvasspoll i eit område utan større inngrep. Utanfor utløpet, består strandlinja vesentleg av blokkrik morenemateriale.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein brakkvasspoll- som er ein sjeldsynt naturtype i Møre og Romsdal som har fleire sjeldsynte plantesamfunn og planteartar med grense for utbreiing i Møre og Romsdal m.a. småsivakseng, pøylestorr og musestorr. Området er samla sett vurdert til å vere av regional/nasjonalt verneverdi.

#### UTFØRTE INNGREP

I enkelte område er strandflata truleg rydda for beite ved at stein er kasta saman. Idag er stranda aust for vågen beita av sau. På delar av dei indre brakkvassengene er det opparbeidd ein fotballbane. Det har meir eller mindre vore kommersielt yngeloppdrett av østers i Vågstrandpollen frå 1929 til 1989. I søraust finn ein restar frå tidlegare østersanlegg.

#### KJENDE INTERESSE KONFLIKTAR

Beite i sørvestenden. Tidlegare østersoppdrett - fjerning av restar av utstyr og anlegg. Planlagt åleoppdrett og ørstersoppdrett.

#### KJELDER

Folkestad, A.O., 1977; Folkestad, pers. med. 1995; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977; Nordisk Ministerråd, 1984; Strand, Ø., Vølstad, J.H.

kart

## 6.11 HENSØRAN I RAUMA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Eresfjord 1320 II MQ 375 390 (UTM sone 32 ED50)
Naturgeografisk region:	37f
Vernekategori:	Elvedelta****
Landareal i dekar:	160
Sjøareal i dekar:	330
Gards- og bruksnummer:	42/1 43/1,2,4,6,12,14,15,16,46,97,98,109,120,125,126

---

### OMRÅDESKILDRING

Området er heilt ope og grensar opp mot ny trase for riksveg 64. I eit elvedelta er land- og vassareala eit økosystem. Verneområdet omfattar derfor også elva med kantvegetasjon på austsida av riksvegen og med ei naturleg avgrensing ved Hensbrua. Lokaliteten er ein mosaikk av lågtliggjande brakkvassenger langs dreneringar og avsnørte parti, store øvre saltenger, og store vollområde både framme og i bakkant. Isa og Glutra renn saman i Henselva som etter ca. 2 km renn ut i Isfjorden.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er middels artsrik med 57 registrerte artar, med dei sjeldne artane pøylestorr, grusstorr og dessutan med uvanlege store mengder skjørbuksurt. Av plantesamfunn fins det saulauk-panne (+), vasshår-pøl (+), store areal skjørbuksurt-forstrand (+++), strandkjempe-panner (+), saltsiveng (+) små areal langt inn, raudsvingel-eng (+++) i artsfattig nedre sone, raudsvingel-grusstorr-eng (+) med pannepreg, raudsvingel-tiriltunge-fjørekoll-eng (+++), fjøresivaks-eng (+++) i dreneringsbaner og pøler, krypkvein-eng (+), rustsivaks-eng (++) med pannepreg, fjørestorr-pøl (+), havstorr-sump (?), pøylestorr-pøl (+) langt inn, blåtopp-prega bakre samfunn (+), strandarve-forstrand (+) ytterst på stein og grov grus, uryddig suksesjonsstadium med gras og urter, tangmelde-voll (+), kveke-hestehavrevoll (+), høgurt-fleirårsvoll i to hovedutformingar, normal-typen (++) og mjørdurt-typen (+++), den siste med innslag av mellom anna hestehavre og engsvingel.

**Zoologi:** Området er hekke- og overvintringsområde for vassfugl. I verneplan for våtmark var området vurdert til å ha regional verneverdi, men kombinasjonen med sjøfuglkoloniar og botaniske verneinteresser gjorde at ein fann det rett å ta med området i denne verneplanen. Aktuelle hekkande fugl i området er stokkand, tjeld, vipe, raudstilk, strandsnipe, makrellterne, hettemåse, fiskemåse og lerke. Området er viktigast som beiteplass under trekket. Aktuelle artar er gråhegre, stokkand, brunnakke, ærfugl, svartand, sjørørre, siland, tjeld, vipe, hettemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak og fiskemåse. Ut over dette opptre fleire andefuglar, vadarar og måsefugl mer fåtallig og tilfeldig. Glutra er laks og sjøaureførande i 11 km og Isa i 12 km.

**Landskap/geologi:** Elvedelta med store tidevassområde og strandenger nord for utlaupet av Henselva.

**Sjølv om området er redusert etter vegbygginga, er det framleis knytta store verneverdiar til området. Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit større elvedelta med store botaniske og zoologiske verneverdiar som samla sett er eit typeområde med internasjonal/nasjonalt verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Glutra er kraftutbygd slik at vassføringa i osen er noko redusert. Fram til sommaren 1984 var Hensørnan det mest urørte deltaområde i fylket, og kanskje i Vest-Noreg, men no går ei ny riksvegtrase i ein boge over den indre del av strandenga.

Sandtekt i utlaupet av elva.

## **KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Sandtekt, bygging av naust.

### **KJELDER**

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

**KART**

## 6.12 NAUSTE I NESSET KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1320 IIMQ 555 507 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Elvedelta****
Landareal i dekar:	457
Sjøareal i dekar:	443
Gards- og bruksnummer:	68/1 73/2,7 91/2,3,4 93/3,4,5,6,7,8,9,13,19,22,36,45,78,79

---

### OMRÅDESKILDRING

Lokaliteten ligg inst i den bratte Eresfjorden ved utlaupet av Eira og Dokkelva.. Strandengene har store variasjonar i eksponeringsgrad, frå svært eksponert for strendene aust for elveutlaupet, til meir skjerma på innsida av framstikkande nes. Som økosystem må ein sjå land- og vassareala i elvedeltaet under eit. På nordsida av vegen omfattar derfor verneforslaget elveutlaupet med beitemark, dyrkamark og gruntvassområde i overgangen mellom ferskvatn og saltvatn. Deltaflata har her små topografiske inngrep. Vest for det foreslåtte området er det eit naustområde med kulturverninteresser. Området har interesse i friluftssamanheng.

Området har vore midlertidig verna sidan 08.07.93. Etter klage frå Nesset kommune oppheva Miljøverdepartementet det midlertidige vernet i den delen av området som var omfatta av ei planlagt småbåthamn. Småbåthamna er idag under utbygging.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Strandengene er svært artsrike, med 95 registrerte artar. Av sjeldne artar er det påvist bågestorr og saltarve, den sistnemnde mest nær elveutlaupet. Av samfunnstypar er særleg mange brakkvassengtypar og tangvolltypar representert. Den mest vanlege arten er krypkvein, som i indre elveutlaup har einedominans på ei stor grusør. Av andre plantesamfunn fins saltarve-forstrand (+), skjørbuksurt-forstrand (+), saltsiv-eng (+), raudsvingel-eng (+), strandkryp-grusstrand (+++), fjøresivaks-eng (++) med stort innslag av krypkvein, krypkvein-eng (+++) med ein stor forekomst på grus/steinør i indre elveutlaupet, rustsivaks-eng (+), havstorr-eng(+), bakre myrliknande våtmark (++) med mykje blåtopp og blåknapp, mjørdurt-blåtopp-eng (++) , taresaltgras-krypkvein-grusstrand (+), strandarve-forstrand (+) vest for elveutlaupet, strandrug-voll (++) , kveke-voll (++) , strandrøyr-voll (+), hestehavre-voll (++) , lågurt-fleirårsvoll (+) med gåsemure som dominant, høgurt-fleirårsvoll (+) med høymole, høgurt-fleirårsvoll (+++) med mjørdurt og hundekjeks, åkerdylle-klengjemaure-voll (++)

**Zoologi:** Området er vurdert som rasteplass for vassfugl i våtmarksplanen, tydelegvis spesielt viktig som vårbeiteplass for hekkande fugl i landskapet rundt, men også for ein del hekkande vadefugl og måsar i sjølve området. Eira er ein av fylkets store elvar, og den fører laks og sjaure der laks er den dominerande arten.

**Landskap/geologi:** Dokkelva er ei flaumelv, og massetransporten i elva er stor. Massen blir avsett på deltaet saman med massen frå Eira. I sjølve elveutlaupet er det mest stein elles er grus dominerande.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**



#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre fylkets største mest, intakte elvedelta, som eit typeområde for eit stort strandengkompleks på eit delta, der den opprinnelege biologiske funksjonen og landskapskarakteren er intakt, med store botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneinteresser. Samla sett er området vurdert til å vere av internasjonalt/nasjonalt verneverdi.

#### UTFØRTE INNGREP.

Lokaliteten har få inngrep. Vassføringa i Eira er redusert med 30% pga. kraftutbygginga i 1955 og massetransporten er noko endra. Lagerplass for tømmer og vassuttak på austsida av Dokkelva. Statkraft driv eit klekkeri i området. Ein del trakk og køyrespor i vest. Ei småbåthamn er under utbygging i aust. Dette reduserer m.a. den geomorfologiske verneverdien noko.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Ingen.

#### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Haakensen, N., 1977; Hagen, D., Nilsen, T., 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977.

**kart**

### 6.13 RÆSTADTANGEN I MIDSUND KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1220 II LQ 896 586(UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	40a
Vernekategori:	Strandeng***
Landareal i dekar:	80
Sjøareal i dekar:	55
Gards- og bruksnummer:	27/1,3,5,8

---

#### OMRÅDESKILDRING

Ræstادتangen er ein landtange på nordsida av Otrøya. Mot aust ei bukt med stor grusstrand og breie og omfattende strandenger med meandrerande drenering inn til ein større pøl mot vest. Bak pølen er det samanhengande strandvegetasjon vidare over til sjøen på vestsida av tangen. Området grensar til dyrkamark og hei i sør og Ræstadfisk klekkeri i nord.

Ræstادتangen er brukt som friluftsområde og det er gitt statstilskott til bygging av ein allmenn parkeringplass ved klekkeriet.

#### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er artsfattig, 38 artar er registrert. Dette er ein av dei få busttjønnakssamfunn i fylket. Busttjønnaks karakteriserer sjeldsynte og sårbare strandtypar. Andre trua/sjeldsynte artar er småhavgras og saltarve. Småhavgrassamfunn kan truleg bli utskilt. Andre samfunn funnet er salturtforstrand (+), fjøresaltgras-eng(+++), saltsiveng ( +++), saltsiv-strandkjempeeng(++), raudsvingeleng (+++), strandkjempe-strandkryp-grustrand(++) med salturt, rustsivaks-eng(+++), fjørestorreg(+), pøylestorr-pøl(+) og kvekevoll(+).

**Zoologi:** Området har ein viktig funksjon for vassfugl. Området har først og framst verdi som rasteplass for fugl under trekket og som overvintringslokalitet for m.a. gråstrupedykker, ærfugl, sjørre og havelle. For enkelte artar har området også verdi som hekkeplass. Aktuelle hekkande artar er sandlo, vipe, raudstilk, strandsnipe og tjeld. Grågås vitjer også området i hekketida.

**Landskap/geologi:** Lokaliteten var opphavleg eit av dei flottaste strandengområda i fylket, med velutvikla sand- og grusstrand med tidevassflate. Mandrerande elveutlaup. Yttersida er dominert av klippestrand.

**Området har verdi som regionalt spesialområde.**

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit spesialområde som framleis er eitt av dei finaste strandengområda i fylket, med velutvikla stor saltvass-grusstrand, store strandengflater, stor bakre pøl, meandrerande, delvis pøldannande drenering og med eit av dei få registrerte busttjønnaks-samfunnet i fylket. Samla sett er området vurdert til å vere av regional verneverdi.

#### UTFØRTE INNGREP

Vegfyllinga deler strandengene og grusstranda, utan at den i vesentleg grad hindrer flo og fjøre. Strandengene hadde i 1984 trakk og beiteskader. Det beita då ca. 20 mjølkekyr i området. Idag beiter 5-6 ungdyr der, og ein kan ikkje sjå at dette gir beite og tråkkskader. Gjennom området er det lagt ei vassleidning og ei høgspenlinje (jordkabel).

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Små.

*Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal*

KJELDER

Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

Kart

## 6.14 HJERTVIKA I AUKRA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1220 I MQ 910 639
Naturgeografisk region:	40a
Vernekategori:	Sandstrand/dyne****
Landareal i dekar:	189
Sjøareal i dekar:	551
Gards- og bruksnummer:	2/1, 2/2 ,3, 11,15

---

### OMRÅDESKILDRING

Området omfattar eit svakt hellande terreng ned mot ei vestvendt større bukt med sandstrand, sanddyner og langgrunne sjøområde sør på Gossen og med fleire større holmar utanfor. Dominerande substrat er finsand, men på eroderte parti av stranda finn ein mindre område med grus og stein.

Hjertvikelva er eit lite kystvassdrag som munnar ut i sørenden av vika og dannar ein gradvis overgang mellom elv og sjø. Som økosystem må ein sjå land- og vassareala i elveosen under eitt. Verneområdet omfattar derfor elva med kantvegetasjon og med ei naturleg avgrensing ved første brua.

Området grensar i nord til myr og fukthei, i midtre del til dyrkamark og i sør til lynghei.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Middels artsrik strandeng med 67 registrerte artar. Nordgrense for sandstorr, ein sjeldan art som er relativt vanleg i Hjertvika. Marehalm blei funne sommaren 1994(vegetativ) og 1995(også i blomst) over ei strekning på ca. 60m sør for elveutlaupet. Dette er truleg den nordlegaste førekomsten av marehalm i verda. Av andre samfunnstypar kan ein nemne ålegras-eng (++?), saltsiv-eng (+), raudsvingel-tiriltunge-fjørekoll-eng (++), strandkryp-forstrand (+), fjørestorr-eng (++), havstorr-eng (+), bakre myrliknande våtmark (++) i nord, tangmelde-voll (++), kveke-voll (++), hestehavre-voll (++), lågurt-fleirårsvoll (++) med klengjemaure og vrangdå, høgurt-fleirårsvoll (+) med mjøduert som dominant, strandarve-fordyne (++) i nord, lys strandrug-dyne (++++) mest i midtre del, sandstorr-dyne (00) i midtre del, etablert dyne (++) med gjeldkarve som hyppig art. Området har stor total variasjon i samfunnstypar med relativt fullstendige soneringer i sanddyne-samfunn frå forstender med strandarve til etablert dyne med gjeldkarve.

**Zoologi:** Lokalt overvintringsområde for vassfugl. Bukta er ein del av eit større system som blir danna av skjergarden vest for Aukra, der det er klare, nasjonale naturverninteresser når det gjeld overvintrande fugl, dels også internasjonale interesser. Sjølve bukta er beiteplass for grågås. Hekkande artar i området er ærfugl, tjeld, sandlo, myrsnipe, storspove, raudstilk, vipe, gråmåse, svartbak, fiskemåse og ternar. I vinterhalvåret søkjer ein del fugl næring i området, m.a. gråstrupedykker, storskarv, ærfugl, sjørørre, havelle og siland. Hjertvikelva har oppgang av både laks og sjøaure, der aure er den dominerande arten.

**Landskap/geologi:** Vesteksponert bukt med sandstrand og flygesanddyner. Lengst vest er det blokkstrand.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

#### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre den minst påvirka sanddynelokaliteten i Romsdal. Lokaliteten er den nordlegaste i Europa med marehalm og sandstorr i noko mengde. Samla sett er området vurdert til å vere av internasjonal/nasjonale verneverdi.

#### UTFØRTE INNGREP

Litt sandtekt og deponering av gras. Dyrkamark heilt ned i strandkanten i deler av området nord for Hjertvikelva.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Små.

#### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

**Kart**



## 6.15 LANGØYSUNDET I FRÆNA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1220 I LQ 987 663
Naturgeografisk region:	40a
Vernekategori:	Strandeng ***
Landareal i dekar:	192
Sjøareal i dekar:	553
Gards- og bruksnummer:	32/2,4,6,7,8,9,10,11,12,13 33/1,2

---

### OMRÅDESKILDRING

Lokaliteten er to tidevassflater - Langøyvågen - og sundet søraust for Langøya.

Vestsida av Langøyvågen er noko eksponert for sørvestlege vindar. Austsida er meir skjerna. Området grensar mot fleire typar fuktenger inn mot sjøve eidet, myr og lynghei mot sør, strandberg og dyrka mark mot nord. Regionale friluftinteresser i Langøyvågen.

Sundet søraust for Langøya omfattar ved lågvatn store blottlagde og noko eksponerte område dominert av leire i overflata. Mindre areal har grovsand og grus som substrat. Relativt flatt terreng på alle sider. I retning aust-vest går fleire grusryggar med smale striper av strandeng på toppen. Ein bekk renn ut i sundet i aust. Denne bekken er lang, flat og kroket og blir overflødd ved flo sjø ca. 150 m inn frå sjøve utlaupet. Området grensar hovudsakleg til fattigmyr og lynghei mot Langøya, mot nord og lengst i sør. Eit større område er nydyrka i den midtre delen nedafor vegen.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Området er artsrikt med ca. 70 registrerte artar. Sjeldan samfunntype er småhavgraseng. Av andre samfunnstypar finn ein ålegras-eng (++?), salturt-forstrand (+++) svært stor og velutvikla bestand aust i Langøyvågen, fjøresaltgras-eng (++), fjøresaltgras-salturt-eng (+), ishavstorr-eng (+) fragmentarisk, saltsiv-strandkryp-eng (+++), raudsvingel-tiriltunge-fjørekkoll-eng (++), raudsvingel-saltsiv-eng (++), strandstjerne-strandkjempe-eng (++), rustsivaks-eng (++), fjørestorr-eng (+), pøylestorr-pøl (+), strandmyr (+) med duskull, bakre myrliknande våtmark (+++) med blåtopp, blåknapp, hanekam og englodnegras som hyppige artar, kveke-krushøymole-voll (+), høgurt-fleirårsvoll (++) med mjøduert som dominant, fjøresivaks-eng (++), rustsivaks-eng (++), fjørestorr-eng (++), tangmelde-voll (+), kveke-krushøymol-voll (++) , høgurte-fleirårsvoll (+) med mjøduert som dominant og bakre myrliknande våtmark (+) med blåtopp og blåknapp som hyppige artar.

**Zoologi:** Området har ein viktig funksjon for vassfugl, først og fremst som rasteplass for fugl under trekket og som overvintringslokalitet. For enkelte artar har området også verdi som hekkeplass.

**Landskap/geologi:** Området dannar tidevassflater og grunntvassområde som er dominert av sand, silt og marin gytje, men det er også innslag av blokkstrand.

**Samla vurdert har området regional/nasjonal verneverdi og aktuell verneform vil vere oppretting av naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit typeområde med stor botanisk variasjon der strandengene har hovudvekt på undervassenger, salt- og brakkvassenger. Dei store forekomstane av salturt gjer at området også er ein spesiallokalitet for denne strandtypen. Samla sett er området vurdert til å vere av regional/nasjonal verneverdi.

**UTFØRTE INNGREP**

Små inngrep i området, ei lita fylling, noko beite og dyrking.

**KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Små.

**KJELDER**

Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 6.16 NERLANDSBUKTA I FRÆNA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1220 I MQ 034 830
Naturgeografisk region:	40a
Vernekategori:	Sandstrand/dyne/vågos****
Landareal i dekar:	113
Sjøareal i dekar:	447
Gards- og bruksnummer:	90/1,2,3,11,14,17,19,20,54 91/1,5,9,14,15,16,19,37 93/1,3,4,5,34

---

### OMRÅDESKILDRING

Området Nerlandsbukta til Malefeta er ein topografisk variert havstrandlokalitet med strandenger, sandstrender og strandberg. Lokaliteten ligg ved Hustadvika, med finsandstrand i sør og i nord og strandberg i midten utanfor utlaupet til dei to elvane Sagelva og Hustadelva som renn ut i ein vågos. Området grensar overalt mot dyrkamark. På Malefeta er det rullesteinstrand med gravrøyser.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten har mellom anna to klassiske dyneområde med botaniske undersøkingar tilbake til Dahl 1897. Registreringar frå 1984 dokumenterer ein middels artsrik lokalitet, med 69 registrerte artar. Sjeldsynte artar som da blei registrert på sanddynene var strandreddik og sandstorr. Artane marehalm og strandkveke (nordgrense) er tidlegare registrert her, men vart ikkje gjenfunne i 1984 og blir lokalt rekna som akutt truga eller utgatte artar. Sjeldan samfunntype på lokaliteten var strandreddik-forstrand. Andre samfunnstypar registrert var strandarve-forstrand(+++), tangmjeldevoll (+++), strandrugvoll(+), hestehavrevoll(+), lys strandrugdyne(+++), og til dels frodig utforming av etablert dyne. Lokaliteten er ein svært verdifull sanddynelokalitet, men strandengene i elveosane er lite undersøkte.

**Zoologi:** Strandområdet ligg ved Hustadvika, eit stort samanhengande kystområde med spesielt stort mangfald av ulike sjøtilknytt naturtypar. Hustadvika blei foreslått som marin nasjonalpark i 1988. Ei vidareføring av dette arbeidet er utsett til det føreligg ein nasjonal prioriteringsliste for framtidige marine verneområde i Noreg. Etter dei data som ligg føre, er området vurdert som lokalt og regionalt overvintringsområde for fugl med hovudvekt på sjøfugl. Hustadelva og Sagelva har oppgang av laks og sjøaure. Innafor området er det registrert oterhi.

**Kulturlandskap:** Lokaliteten ligg innafor eit større område, Hustadvika-Atlanterhavsvegen, som er registrert i samband med «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal». Eit område med mange forminne, kulturminne og naturkvalitetar og eit særprega landskap.

**Landskap/geologi:** Variert område med svært eksponert og vegetasjonsfri ytre strand av finsand som lenger inn går over i flygesanddyner med gradvis aukande vegetasjon innover. På Malefeta dominerer rullesteinstrand.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er først og framst å sikre ein nordleg spesiallokalitet for sørlege sanddyner. Dette saman med strandstorr og mykje strandreddik gjer at lokaliteten samla sett har nasjonal verneverdi. På sikt kan ein ikkje sjå heilt bort frå gjenfunn/nyetablering av marehalm og strandkveke.

**UTFØRTE INNGREP:**

Oppdyrking, noko sandtekt, omfattande utslepp frå jordbruket i nordvest og ei vegskjering som har redusert tidlegare lys strandrugdyne på vestsida av elveutlaupa.

**KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Små

**AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK**

Sandtekta må avgrensast. Gjennom ein eventuell framtidig forvaltningsplan, kan det vere aktuelt å vurdre innplanting av strandkveke og marehalm.

**KJELDER**

Aksdal, S., 1994; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

**KART**

## 6.17 FARSTADBUKTA I FRÆNA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1220 I MQ 064 856
Naturgeografisk region:	40a
Vernekategori:	Sandstrand/dyne***
Landareal i dekar:	52
Sjøareal i dekar:	211
Gards- og bruksnummer:	87/1-4,8-13,15,16,18-21,25,26,27,33,45,46

---

### OMRÅDESKILDRING

Farstadbukta er ei svært eksponert bukt ved Hustadvika, med finsandstrand i sør og rullesteinstrand i nord. Farstadelva munnar ut i vestleg del av sandstranda. I sør grensar området mot dyrkamark. Røsslynghei, rik fukthei og rikmyr dannar eit relativt breitt belte innafør rullesteinstranda i nord.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er ein klassisk dynelokalitet med botaniske undersøkingar tilbake til Dahl 1897. Registreringar frå 1984 dokumenterer ein middels artsrik lokalitet, med 66 registrerte artar. Sjeldne artar påvist då var strandreddik, marianøkleblom, tiggarsoleie og blåstorr. Artane bleiksøte (sørgrense) og strandkveke (nordgrense) er tidlegare registrert her, men vart ikkje gjenfunnen i 1984 og må reknast som akutt truga eller utgåtte artar. Sjeldne samfunnstypar på lokaliteten var gråsvingel-dyne(++) og strandnellikforstrand(++). Andre samfunnstypar registrert var saltsiveng(+), tangmjeldevoll (++) , høgurt-fleirårsvoll(+) med åkerdyll som dominant, strandarve-fordyne (++) , lys strandrugdyne(+++), og større areal med dynegrashei. Datagrunnlaget for lokaliteten må derfor oppdaterast. Lokaliteten kan likevel klassifiserast som verdas nordlegaste sanddynelokalitet av sørleg type.

**Zoologi:** Strandområdet ligg ved Hustadvika, eit stort samanhengande kystområde med spesielt stort mangfald av ulike sjøtilknytte naturtypar. Hustadvika blei foreslått som marin nasjonalpark i 1988. Ein vidareføring av dette arbeidet er utsatt til det føreligg ein nasjonal prioriteringsliste for framtidige marine verneområde i Noreg. Etter dei data som ligg føre, er Farstadsanden vurdert som lokalt og regionalt overvintringsområde for fugl med hovedvekt på sjøfugl. Farstadelva har oppgang av laks og sjøaure.

**Kulturlandskap:** Lokaliteten ligg innafør eit større område, Hustadvika-Atlanterhavsvegen, som er registrert i samband med «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal». Eit område med mange forminne, kulturminne og naturkvalitetar og eit særprega landskap.

**Landskap/geologi:** Svært eksponert område med rullesteinstrand ytterst og fin sandstrand sentralt og i vest flygesanddyner som er gradvis meir vegetasjonsetablert innover.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein spesiallokalitet for sørlege sanddyner med svært høg naturvitenskapeleg verdi. Lokaliteten er verdas nordlegaste sanddynelokalitet av sørleg type. Området er samla sett vurdert til å ha regional/nasjonal verneverdi.

#### UTFØRTE INNGREP

Lokaliteten var ein svært verdifull sanddynelokalitet, men verneverdien vart kraftig redusert ved oppdyrking av sanddyneområdet i 1986 mellom stranda og elva. Oppdyrking, sandtekt og steinutfylling i fronten av dyrkamarka i den nordlege delen av sanddynesystemet.

Utslepp/sig fra dyrkamark ut gjennom Farstadelva som tildels er svært algegrodd. Område er mykje nytta i friluftsamaheng. Sør for elveosen er det bygd ein parkeringsplass og lagt stein i strandengene.

#### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Planlagt gardsveg og auka sandtekt på tangen aust for elveosen.

#### AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK

Ved vern bør alle vidare fysiske inngrep i form av utfylling, oppdyrking og beiting opphøyre. Det kan vere aktuell å implantere strandkveke på nytt, dersom det viser seg at arten verkeleg er utrydda.

#### KJELDER

Aksdal, S., 1994; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.



kart

## 6.18 BATNFJORDSØRA I GJEMNES KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Eide 1320 IV MQ 329 747 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Elvedelta*****
Landareal i dekar:	125
Sjøareal i dekar:	99
Gards- og bruksnummer:	29/1,3,14,53 42/1-13

---

### OMRÅDESKILDRING

Batnfjordsøra er eit elvedelta ved utlaupet av Batnfjordselva nær tettstaden Batnfjordsøra. Batnfjordselva er ei middels stor vestlandselv. Deltaområdet til Batnfjordselva blei mellombels verna 25.02.91 med namnet Batnfjordsøra naturreservat. Lokaliteten er avgrensa av riksvegen i sørvest, idrettsplass og dyrkamark i sør, industriareal i søraust og ein bekk i aust.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Området er middels artsrik med 67 registrerte artar. Raudsvingel er einaste dominerande art. Relativt høg frekvens av fjørekoll, strandkryp, saltsiv og strandkjempe. Relativt store bestandar av den nordlege arten grusstorr. Samfunnstypar i lokaliteten er skjørbuksurt-forstrand (++), saltbendel-forstrand, saltsiv-eng (+++), raudsvingel-grusstorr-eng (+++) store forekomstar, særleg i vest, strandstjerne-strandkjempe-forstrand, fjøresivaks-eng (+), rustsivaks-eng (+) fragmentarisk, fjørestorr-eng (+), bakre myrliknande våtmark (+) med blåtopp, taresaltgras-grusstrand (+), strandrug-voll (++) berre i aust, kveke-voll (+), høgurt-fleirårsvoll (+) med mjørdurt som dominant, åkerdylle-voll (+) fragmentarisk i aust. Lokaliteten har stor botanisk interesse med eit mangfald av vegetasjonstyper, m.a. med fylket sin største forekomst av nordlege raudsvingel-grusstorr-eng.

**Zoologi:** Batenfjordsøra er eit viktig hekke-, raste- og overvintringsområde for fleire våtmarkstilknytt fuglearter. Av våtmarksfugl hekkar tjeld, vipe, raudstilk og fiskemåse. Elles beiter ein del fugl i området både sommar og vinter m.a. gråhegre, stökkender, krikkender, ærfugl, sjøorre, silender, tjeld, vipe, dessutan er det registrert songsvaner og laksender parvis i vinterhalvåret. Området blei derfor vurdert til regional/lokal verneverdi samband med vern av våtmarker i fylket. Batnfjordselva fører laks og sjøaure i ca. 8 km. Gyrodactylus salaris blei påvist på lakseungar i elva i 1980.

**Landskap/geologi:** Strand- og tidevassflate som er utvikla i eit større elvedelta. Grus er den dominerande materialtypen. Elva har eit forgreina utlaup.

**Lokaliteten er vurdert til å vere internasjonalt/nasjonalt verneverdig typeområde og aktuell verneform er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre ein av dei få gjenverande større grusøyrrer i fylket der ein framleis har relativt store areal med intakt strandeng. Lokaliteten har store botaniske og ornitologiske verneinteresser og er geografisk særegen fordi den som einaste større delta i fylket, ligg i overgangen mellom midtre og indre fjordstrøk. Samla sett er området vurdert til å vere av internasjonal/nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Lokaliteten har vore utsett for ein del påverknad. Den nye riksvegtrasèen med brua i vest, idrettsplassen på indre strandengområde i sør, to mindre vegtrasèar på sjølve strandengområdet med opplegging av grusdunar på begge sider er dei inngrepa som har hatt størst innverknad på havstrandvegetasjonen.

## **KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Uttak av sand og grus, industriutbygging og idrettsanlegg.

## **KJELDER**

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Følkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.

kart

## 6.19 HØGSETLEIRA I GJEMNES KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1320 I MQ 367 825 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Strandeng****
Landareal i dekar:	50
Sjøareal i dekar:	128
Gards- og bruksnummer:	54/1,2,3,4,5,7

---

### OMRÅDESKILDRING

Området omfattar langgrunne bukter og sund med store tidevassflater og med holmar og skjer utafor. Området ligg vendt ut mot Kvernesfjorden. Bukta er omkransa av strandenger på alle sider. I dei slake strendene i sør og sørvest finn ein breie strandenger. Den største bekken renn ut i vika heilt i vest. Her ligg to mindre holmar med steinstrand. Grensar til fukthei, gråor-/svartorskog og furuskog i sør og sørvest, og til dyrkamark heilt i vest og aust.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Svært artsrikt med 95 registrerte artar. Av sjeldsynte samfunn er det registrert småhavgraseng (*Ruppia maritima*). Rustsivaks (*Blysmus rufus*) og saltsiv (*Juncus gerardi*) er dominerande artar. Andre registrerte samfunn, fjøresaltgras-eng (++), fjøresaltgras-salturt-eng (+) i aust, ishavsstorr-eng (+) mest i vest, saltsiv-eng (+++), raudsvingel-grusstorr-eng (++), raudsvingel-tiriltunge-fjørekoll-eng (+++), strandstjerne-strandkjempe-forstrand (+), strandkryp-forstrand (+), rustsivaks-eng (+++), fjørestorr-eng (++), bakre myrliknande våtmark (+++) mest i vest, med pors og blåtopp, taresaltgras-grusstrand (+) i aust, strandrugvull (+), lågurt-fleirårsvull (+) med gåsemure, høgurt-fleirårsvull (+) med mjørdurt, åkerdylle-vull (+) og urakatt-steinstrand (+) på holmar i nord.

**Zoologi:** Dei produktive leirene og strandområdet er vurdert til å vere av lokal verdi for strand- og sjøfugl. Området er fast overvintringslokalitet for gråhegre, storskarv, ærfugl, siland og fleire andre ender. M.a. tjeld og strandsnipe hekkar i området.

**Landskap/geologi:** Sanddominert strand og tidevassflate, men også silt, marin gytje, og noko grus og stein.

**Lokaliteten er vurdert til å vere nasjonalt verneverdig typeområde og aktuell verneform er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit særts artsrikt strandengområde med små inngrep, som eit referanseområde og typeområde for strandenger av landhevingstypen. Området er samla sett vurdert til å vere av nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Små inngrep, noko gjødselsig.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Små.

### KJELDER

Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 6.20 ØKSENDALSØRA I SUNNDAL KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1420 III MQ 545 702(UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Elvedelta****
Landareal i dekar:	102
Sjøareal i dekar:	81
Gards- og bruksnummer.:	63/ 1-3 64/1 81/6,7

---

### OMRÅDESKILDRING

Øksendalsøra ligg i utlaupet av Usma som er ei middels stor vestlandselv med eit delta på sørsida av Sunndalsfjorden. Vassdraget er ikkje utbygd. Som økosystem må ein sjå land- og vassareala i elvedeltaet under eitt. Verneområdet omfattar derfor elva med kantvegetasjon på sørsida av riksvegen og med ei naturleg avgrensing ved første terskel oppover i elva. Det er sannsynleg at brakkvassona ved springflo når opp til denne terskelen. På nordsida av vegen omfattar verneforslaget elveutlaupet med beitemark, dyrkamark og gruntvassområdet i overgangen mellom ferskvatn og saltvatn.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Lokaliteten er artsrik med 71 artar og representerer austgrensa i fylket for ishavstorr-eng. Raudsvingel er den mest vanlege arten. Lokaliteten har mange artar som er karakteristiske for strandeng, m.a. saltsiveng(++), raudsvingel-tiriltunge-fjørekkoll-eng(+++), fjøresivakseng(+), krypkveingeng(++), med stort innslag av skjørbuksurt, strandarveforstrand(++) med innslag av strandkryp, balderbrå-vrangdå-voll, strandrug-voll og kvekevoll. Her fins tangvollar og brakkvassvegetasjon av nasjonal verdi. På austsida av elva er ein gamal, urskogprega gråorskog.

**Zoologi:** Området er eit viktig raste- og overvintringsområde for vassfugl. Usma er laks- og sjøaureførande ca. 8 km. Elva har laksetrapp i Fallfossen som fungerer bra. Fleire otermarkeringar er registrert innafor området.

**Kulturlandskap:** Lokaliteten ligg innafor Øksendal som er registrert i samband med «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal». Eit verdfullt område med eit heilscapeleg og harmonisk natur og kulturlandskap som er av dei beste i sitt slag i Møre og Romsdal.

**Landskap/Geologi:** Grusdominert strand utvikla i eit elvedelta. Det sentrale elveutlaupet har ingen større terrenginngrep.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNET

Formålet med verneforslaget er å sikre det biologiske mangfaldet og elvedeltaet sin økologiske og morfologiske funksjon i eit av dei siste gjenverande, tildels urørte elvedelta i fylket. Øksendalsøra er samla sett vurdert til å vere av nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Området er sterkt prega av jordbruksdrift og beite. Ei mindre elveforbygging mellom brua og utlaupet. Nye naust er bygd. Det har nylig kome ei stor fylling nede på stranda ved dei nye utleigehusa. Fyllinga bør fjernast.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTER

Det føreligg ei reguleringsplan for småbåthavn innafor det foreslåtte verneområdet. Elva er plassert i kategori 1 for kraftutbygging. Naustbygging. Planlagd omlegging av riksveg 62, Øksendalstunellen.

KJELDER

Aksdal, S., 1994; Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.



**KART**

## 6.21 HÅSØRAN I SUNNDAL KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Sunnalsøra 1420 III MQ 765 495
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Elvedelta*****
Landareal i dekar:	308
Sjøareal i dekar:	657
Gards- og bruksnummer:	51/1,33,222 53/22

---

### OMRÅDESKILDRING

Håsøran ligg på eit stort tvillingdelta ved utlaupa av Driva og Litledalselva inst i Sunndalsfjorden. Dette er eit av dei største elvedelta på Vestlandet. Litjdalselva munnar ut i vestlege del av området og Driva munnar ut i austlege del. Litjdalselva er sterkt regulert medan Driva er mindre regulert og er eit delvis verna vassdrag. Mot nordaust grensar Håsøran mot Hydro Aluminium, mot sørvest mot småbåthamn, eit naustområde, samt eit sagbruk og bygningane til eit entreprenørfirma. I aust ligg ein gamal avfallsplass tildekt med jord. Lokaliteten er avgrensa i aust langs ei høgspenline. Trass dei store inngrepa er det framleis nokre intakte område igjen med stor verneverdi.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Svært artsrik med 105 registrerte artar. Representerer den tredje mest artsrike havstrandlokaliteten undersøkt sommeren 1984. Sjeldsynte artar er kjeldegras (*Catabrosa Aquatica*), saltarve (*Sagina maritima*) og setermjelt (*Astragalus alpinus*). Sistnemnde art er ein fjellplante med tilfeldige forekomstar på elveøyrrer i låglandet.

Intakte og stort sett fullstendige soneringar i strandvegetasjonen frå fleire typar forstrender til gråorskog. Av velutvikla plantesamfunn kan nemnast vasshår-forstrand (+++), saltarve-forstrand (+), skjorbuksurt-forstrand (+), saltsiv-eng (++), raudsvingel-grusstorr-eng (+), raudsvingel-tiriltunge-fjørekolleng (+++), fjøresivaks-eng (+++), rustsivaks-eng (+), strandarve-tiriltunge-strandsmelle-grusør (+), saman med sandgråmose (*Racomitrium canescens*), tangmelde-voll (+) og lågurt-fleirårsvoll (++) med gåsemure, krushøymole-voll (+). Området har stor variasjon både i artar og samfunnstypar

**Zoologi:** Litjdalselva og Driva er laks- og sjøauførande i 9 og ca. 80 km. Sjøaufør er og var den dominerande arten i Litjdalselva. I Driva var laks dominerande, men elva er idag infisert av *Gyrodactylus salaris*, noko som har redusert bestanden dramatisk. Det er gjort eit omfattande registreringsarbeid når det gjeld fuglefaunaen på Håsøran. Totalt er 159 fugleartar observert, 1/4 er hekkande. Dei resterande 3/4 er fuglar som nyttar området under vår- og hausttrekk, samt til vinteropphald. Det mangfaldige fuglelivet gjenspeglar eit produktivt planteliv og eit rikt liv av ulike vassorganismar. Lokaliteten er vurdert i våtmarksplanen for fylket til å vere av regionalt/nasjonalt interesse.

**Landskap/geologi:** Strand- og tidevassflate utvikla i deltaavsetning dominert av grus og sand og finare flaumavsetningar på slettene. Aktive og fossile elveløp og elveøyrrer.

### Samla vurdering

Med sine rike fjøreområde i tilknytning til dei andre naturforekomstar, og med lett tilgjenge frå tett busetnad, vil området ha stor verdi som ekskursjonsområde i samanheng med undervising. Elles er sportsfiskeinteressene store, i tillegg til at øyrene tener som rekreasjonsområde for tilgrensande busetnad. Ut frå ei samla vurdering har restane av Håsøran nasjonal/internasjonalt verneverdi og det gjenverande deltaets økologiske og morfologiske funksjon må ivaretakast ved at området blir verna som naturreservat etter naturvernlova.

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

## FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med vernet er å sikre restane av det tidlegare største deltaet i Møre og Romsdal, som til tross for inngrepa i området, framleis har eit kjerneområde som er svært artsrikt både botanisk og ornitologisk og som har stor verdi som type- og referanseområde. Området er samla sett vurdert til å vere av internasjonal/nasjonalt verneverdi.

## UTFØRTE INNGREP

Deltaet har store inngrep og er sterkt redusert. På nordsida ligg aluminiumsverket med fylling, på sørsida kryssar riksvegen osen av Litjdalsvegen. Industri, småbåthamn og naust ligg på strandengområdet. Tidlegare kommunal avfallsplass. I bakkant av strandengene ligg ei idrettsbane og over strandengene går ei brei kraftleidningsgate.

## KJENTE INTERESSEKONFLIKTAR

Området var prioritert i verneplanen for våtmark i Møre og Romsdal, men blei tatt ut pga. planar om industriområde og djupvasskai. Vi reknar med at kommunen får løyst sine kaiproblem med ei anna lokalisering (Hammarkaia) og vern av området blir derfor vurdert på nytt.

## AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK

Gje høve til gjengroing av avfallsplass.

## KJELDER/KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Hansen, O., 1980; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.

kart

## 6.22 SØYSETSTRANDA I SURNADAL KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1420 IV MQ 768 732 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Elvedelta****
Landareal i dekar:	130
Sjøareal i dekar:	230
Gards- og bruksnummer:	114/1, 115/4,6,7,11

---

### OMRÅDESKILDRING:

Området omfattar Søyas delta og tilgrensande strandlinje nord og sør for deltaet. Innover grensar strandvegetasjonen mot ein ballplass og ein kulturpåvirka furu- og oreskog. Bukta blir brukt som friluftsområde, og det er bilveg ned til stranda. Sjølve elveosen og det næraste deltaet er relativt urørt. Søya er eit varig verna vassdrag.

### FAGLEG VURDERING:

**Botanikk:** Lokaliteten er middels artsrikt med 69 registrerte artar. Landformen av vassslirekne (*Polygonum amphibium* f. *terrestre*) blei registrert, og er relativt sjeldan i fylket. Av andre samfunnstypar er skjørbuksurt-forstrand (++) , saltsiv-eng (+++), raudsvingel-eng, artsfattig (+++) dels med mykje saltsiv, raudsvingel-eng som er urterik (++) innover ved ballplassen, strandsmelle-raudsvingel-eng (+) på indre del av sandstranda, strandkjempeforstrand (++) og strandstjerne-forstrand (++) , fjøresivaks-eng (++) , rustsivaks-eng (+), pøylestorr-pøl (++) , melde-voll (++) , strandrug-strandarve-voll (++) , kveke-voll (+), lågurtfleirårsvoll (++) med gåsemure, høgurt-fleirårsvoll (++) av ulik utforming med strandkjeks lengst i sør.

**Zoologi:** Området er eit regionalt hekke-, raste- og overvintringsområde for sjø- og vassfugl. Den sørlege delen av område har ei fjøremarkstrand. Elva har oppgang av laks og aure.

**Landskap/geologi:** Grus- og steindominert strand utvikla i Søya sitt delta. Den sørlege delen av stranda har finare materiale, fin sand og silt. På sørsida av deltaet, ut mot Mulneset, er det ei bratt stein- og klippestrand. Det er også steinstrand på nordsida av deltaet

**Aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre det biologiske mangfaldet på eit av fylkets mest inntakte elvedelta i tilknytning til eit varig verna vassdrag. Eit typeeksempel på eit delta av middels storleik i midtre fjordstrøk med til dels intakte funksjonar. Området er samla sett vurdert til å vere av nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Ein del grustekt i sør. Elva er kanalisert i nedre del. Friluftsliv, shovling og rydding har gitt ein unaturleg tangvollvegetasjon og tilløp til unaturlege sanddyner.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Eventuelt slitasje frå friluftslivet. Ulike forslag til kanalisering og korrigerering av elveosen.

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.

kart

## 6.23 TODALSØRA I SURNADAL KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	Stangvik 1420 II MQ 845 654 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Elvedelta*****
Landareal:	153
Sjøareal:	247
Gards- og bruksnummer:	137/1,2,3,4,7 138/1 145/1,3,7,9,21

---

### OMRÅDESKILDRING:

Todalsøra ligg inst i Todalsfjorden og er eit elvedelta med intakte strandenger ved osen av Toåa, som er ei middels stor vestlandselv. Langs elveutlaupet er det noko kantskog,- for det meste er området omgitt av kulturmark og industriområde. I nordvest grensar området til ei småbåthamn. Elvedeltaet som økosystem omfattar både land- og vassareala. Området er derfor avgrensa utover til deltakant og oppover langs elva til vegen. Toåa er eit varig verna vassdrag.

### FAGLEG VURDERING:

**Botanikk:** Strandengene er middels artsrike med 55 registrerte artar. Av sjeldne/trua artar er det registrert forekomster av saltstorr og ein sjeldsynt art *Polgonum boreale* blei funne her. Andre samfunn er skjorbuksurt-forstrand (+), saltsiv-eng (++), raudsvingel-eng(+++), raudsvingel-tirilltunge-fjørekoll-eng (+++), strandkjempeforstrand, fjøresivakseng (++), rustsivakseng (++) med innslag av pøylestorr. Området har noko ufullstendig sonering og manglar velutvikla vollar. Botaniske verdiar er vurdert som lokalt verneverdig.

**Zoologi:** Området er vurdert som rasteområde for fugl og har lokal verneverdi. Aktuelle artar er ærfugl, fiskemåse, svartbak, tjeld, vipe, storspove, heilo, ringdue, stokkand, tjeld og kanadagås. Toåa fører laks og sjøaure i ca. 8 km. I nedre del av elva er botnen einsarta og i hovudsak samansett av sand og grus. Under bonitering av vassdraget i 1992 blei det funne stor tettleik av botndyr i nedre del av elva. I store delar av utlaupet er den opprinnelege biologiske funksjonen og landskapskarakteren inntakt.

**Landskap/geologi:** Todalsøra er eit etter måten stort og godt inntakt delta med forgreina elveløp og -øyrrer, og stor tidevassflate. Grus og sand er det dominerande materialet, men ein finn også finkornige flaumsediment av silt og dels marin gytje - på elveslettene og i dei passive elveløpa.

Eitt av dei få deltaområda uten større naturinngrep som er igjen i fylket og der deltafunksjonane er intakte, med unntak av effektar frå redusert vassføring pga kraftutbygging. Geomorfologisk er området vurdert å ha nasjonal verneverdi.

### Aktuell verneform for området er naturreservat.

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre det mest inntakte elvedeltaet i tilknytning til eit varig verna vassdrag med botaniske og zoologiske verneverdiar. Eit typeeksempel på eit delta av middels storleik i indre fjordstrøk med til dels intakte funksjonar. Området er samla sett vurdert til å vere av nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Ein del grusuttak. Nokre område er sterkt beita av hest og ungdyr. Stor utfylling i samband med utbygging av industriområdet. Skjemmande fyllingskant ned mot elvedeltaet. Todalsvassdraget er utbygd i øvre del, noko som reduserar vassføringa ved utlaupet rundt 25%.

## **KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Todalsfjordprosjektet med planar om fast vegsamband mellom Sunndal og Surnadal for å erstatte fergesambandet Kvanne-Røkkum. Alle alternativa er planlagt å krysse deltaet og vil ha store negative konsekvensar for m.a. dei naturfaglege verneverdiane på Todalsøra. I reguleringsplanen for Bordholmen er det planlagt m.a. campingplass vest og nord for idrettsplassen. Reguleringsplanen slik den ligg føre idag er i konflikt med verneforslaget

## **KJELDER**

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Eklo, M., 1993; Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977; NOU, 1991 12A og B.



kart

## 6.24 REITVÅGEN I HALSA KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1421 III MQ 635 940 (UTM sone 32 WGS84)
Naturgeografisk region:	39a
Vernekategori:	Strandeng/liten vågos*****
Landareal i dekar:	123
Sjøareal i dekar:	107
Gards- og bruksnummer:	11/1,2,3,4,5,6,7,8,23 23/1,2,4,7

---

### OMRÅDESKILDRING

Inst i den ca. 1,5 km breie Reitvågen er det to bukter. Bukta lengst sør er omlag 250 m brei med eit lite delta til Vågåa. Den nordlege bukta er noko vidare. Mellom dei er det ein ca 250 m lang furukledd odde med stein- og bergstrand. I tidevass-sona er det silt og marin gytje. Strandengsona er for det meste berre nokre få meter. På deltaet er sona breiare og overgangen til epilitoralen noko gradvis. Floa går ca. 500 m oppover Vågåa. Epilitorale grensesamfunn er fattigmyr og furuskog.

### FAGLEG VURDERING

**Botanikk:** Nokså artsfattig med 44 registrerte artar, men med eit representativt utval frå salt- og brakkvassenger med svakt utvikla vollvegetasjon i fjordstroka. Av samfunnstypar finst ålegras-eng (++), salturt-forstrand (+), fjøresaltgras-eng (+) med salturt, ishavsstorr-eng (+) små flekker, saltsiv-eng (+++), raudsvingel-grusstorr-eng (+), raudsvingel-tiriltunge-fjerekoll-eng (++), strandkryp-strandkjempe-forstrand (+), fjøresivaks-eng (++) med strandkjempe, rustsivaks-eng (+++), fjørestorr-eng (+++), pøylestorr-pøl (+), bakre myrliknande våtmark (++) med blåtopp, skogsiv og musestorr, lågurt-fleirårsvoll (++) med gåsemure.

**Zoologi:** Elva Vågåa har oppgang av laks og sjøaure. Det er stor oteraktivitet i området.

**Landskap/geologi:** Lokaliteten er to bukter med strandenger, skilt av Reitholmen med furuskog og svaberg. Store leire- og mudderflater.

**Området har verdi som nasjonalt typeområde og aktuell verneform for området er naturreservat.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å sikre eit nærast urørt strandengområde som ein typelokalitet på ein liten vågos. Lokaliteten har komplette klare soneringer i saltengene og eit godt utvalg av brakkvassplantesamfunn. Området er samla sett vurdert til å vere av nasjonal verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Området har små inngrep. Det er køyrespor på strandenga, ei bru over Vågåa og skogrydding på Reitholmen.

### KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR

Hyttebygging og vegføring.

### KJELDER

Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993; Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordbø, L., 1991; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 6.25 MELLANDSVÅGEN I AURE KOMMUNE

Kartreferanse N-50:	1421 IV MR 765 254
Naturgeografisk region:	40a
Vernekategori:	Strandeng/steinstrand/strandberg****
Landareal i dekar:	270
Sjøareal i dekar:	230
Gards- og bruksnummer:	66/1-8

---

### OMRÅDESKILDRING

Området omfattar ei variert strandstrekning med ulike landskapselement. Rundt rekna 4 - 5 km strandlinje frå Torelva i sør til Finnset i nord. Bergstrender dominerer, men ein finn også rullestein. Inne i dei grunne vikane finn ein silt, sand og grus. Det finst fleire mindre basseng i strandsona. I Mellandsvågen, sør for Livsneset, er det rolege og skjerna forhold. På yttersida av Livsneset (vest og nord) er området meir eksponert, med svaberg og tangrike grusstrender innimellom. Langs og nord for Mellandselva er det større strandengparti. Strandsamfunna grensar inn mot kystlynghei og fattigmyrer, med enkelte dyrka parti lengst inne. I 1988 blei store delar av strandengene på Livneset verna i samband med vern av våtmark.

### FAGLEG VURDERING

Området er artsrikt med 78 registrerte artar. Ein finn kystartar som kystmyrklegg, kystbjønnskjepp og loppestorr. Det finst og former av engfrytle som er nærstående til heifrytle. Av dei meir sjeldsynte strandplantane finst sandslirekne og saftmelde. Av plantesamfunn finn ein saftmelde-forstrand (++) , salturt-forstrand (++) , fjøresaltgras-eng (++) , ishavsstorr-eng (+) , saltsiv-eng (+++) , raudsvingel-eng (++) både fattige og artsrike utformingar, strandkryp-strandkjempe-forstrand (+) , fjøresivaks-eng (++) , rustsivaks-eng (++) , bakre myrliknande våtmark (++) ulike utformingar, tangmelde-voll(+) , strandrug-voll (++) nord for Livsneset, lågurt-fleirårsvoll (+) med gåsemure, høgurt-fleirårsvoll (++) med fleire utformingar og strandberg (+++).

**Zoologi:** Det er knytta store ornitologiske verneverdiar til området som har ein viktig funksjon for vassfugl. Området har ein særleg konsentrasjon av fugl i trekktida og i vinterhalvåret og er vurdert i våtmarksplanen til å vere av nasjonal/internasjonalt verneverdi. Delar av området blei derfor verna som naturreservat i 1988. Mellandsvågen og området utanfor har dyrelivsfrding.

**Landskap/geologi:** Variert strandstrekning der bukter med strandenger veksler mellom blokkstrand og svaberg.

**Området har verdi som internasjonalt/nasjonalt typeområde. Aktuell verneform for området er vurdert å vere ei utviding av det eksisterande naturreservatet.**

### FORMÅLET MED VERNEFORSLAGET

Formålet med verneforslaget er å opprette eit verneområde som får med både dei allereie sikra våtmarksområda og dei botaniske artsrike strandområda som er vurdert til å vere det mest verdifulle verneobjektet av denne typen i fylket nord for Fræna. Området har nesten fullstendige saltengsoneringar med tillegg av fleire tangvoll-, brakkvasseng- og fuktengsamfunn. Området er samla sett vurdert til å vere av internasjonalt/nasjonalt verneverdi.

### UTFØRTE INNGREP

Innafor det aktuelle området er det lite inngrep. Noko beite.

**KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR**

Evt. grøfting og nydyrking.

**KJELDER**

Folkestad, A.O., 1977; Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982; Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986; Nordisk ministerråd, 1977.

kart

## 7. KVA INNEBER VERN?

### 7.1 LOVHEIMEL

"Lov om naturvern" av 19. juni 1970 gir heimel for oppretting av ulike tuper vern:

**Nasjonalparkar:** Store urørte, tilnærma urørte, eigenarta eller vakre naturområde som i det vesentlege ligg på Statens grunn.

**Landskapsvernområde:** Eigenarta eller vakre natur- eller kulturlandskap der tradisjonell verksemd (t.d. jord- og skogbruk) skal kunne halde fram til ein viss grad.

**Naturreservat:** Tilnærma urørte naturområde av særleg verdi eller område med spesiell naturtype som får etter måten strenge vernereglar.

**Naturminne:** Geologiske, botaniske eller zoologiske forekomstar som fredast på grunn av høg vitskapleg eller historisk interesse eller har spesielle særpreg.

**Plante- eller dyrelivsfreding:** Artar eller samfunn av plantar og dyr som har særleg verdi som tilhaldstad for ei rekkje artar.

For å verne havstrandområde mot uønska inngrep, er det nødvendig med strenge vernereglar. I samband med den komande verneplanen er det derfor aktuelt å bruke kategorien naturreservat.

I §8 i naturvernlova heiter det:

*Område som har urørt eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesiell naturtype og som har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning eller som skiller seg ut ved sin egenart, kan fredes som naturreservat. Et område kan totalfredes eller fredes for bestemte formål som skogreservat, myrreservat, fuglereservat eller lignende.*

For å sikre formålet med verneforslaga, må det utarbeidast vernereglar. Det vil derfor bli utarbeidd forslag til verneforskrifter for kvar einskild lokalitet der spesielle tilhøve og interesser som er knytt til det einskilde område vert vurdert. Eit utkast til forskrift som gjennom høyringsprosessen skal tilpassast det einskilde område vert lagt fram. Det kan vere aktuelt å gjere nokre endringar i kap. IV, V og VI.

## 7.2 FORSLAG TIL VERNEREGLAR - HAVSTRAND OG ELVEOS I MØRE OG ROMSDAL

### UTKAST TIL FORSKRIFT OM FREDING AV \* NATURRESERVAT I \* KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL FYLKE

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr. 63, §8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit\* område i \* kommune, Møre og Romsdal fylke, verna som naturreservat ved kgl. res. av 00.00.00 under nemninga " \* naturreservat ".

#### II

Det freda området berører følgjande gnr./bnr.:\* i \* kommune.

Naturreservatet dekkjer eit areal på ca \* dekar., derav \* dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:5000, dagsett Miljøverndepartementet 00.00.00. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

Kartet og fredingsforskriftene finn ein i \* kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### III

Formålet med fredinga er å ta vare på eit \*.

#### IV

I det freda området gjeld følgjande føresegner, med dei unntak som følgjer av pkt. V:

1. Vegetasjon, også daude plantar, er freda mot einkvar form for skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, inkludert yngleområder, er freda mot skade og øydelegging .
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av kloakkleidningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lagring eller dumping av avfall, tilføring av forureinande stoff, kjemiske middel eller gjødsel.

Opplistinga er ikkje uttømmande.

4. Idrettsarrangement, jaktprøver og anna organisert bruk av reservatet er forbode.



5. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.
6. Telting er forbode.
7. Motorisert ferdsel til lands utenom dyrka mark er forbode.

## V

Føresegnene i kap. IV, 1-7 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsteneste.

Føresegnene i kap. IV, 1-5 er ikkje til hinder for:

2. Vedlikehald av grøfteutlaup som er i bruk på etter at forvaltingsstyresmaktene er varsla.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Beiting som på vernetidspunktet.
5. Fiske.
6. Jakt på hjortedyr og fangst av villmink.
7. Vedlikehald av faste innretningar som er i bruk på fredingtidspunktet. Vedlikehald av eksisterande hytter.
8. Organisert ferdsel i reservatet av universiteter, skuler og barnehagar i samband med undervisning.
9. Vanleg jordbruksdrift på dei dyrka areala på Nauste, Øksendalsøra, Søysetstranda og Todalsøra.

For nokre av områda kan der vere aktuelt å leggje strengare restriksjoner på beite.

## VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltigsstyresmakta fastset, etter søknad gje løyve til:

1. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
2. Nødvendig motorferdsel(t.d. i samband med vedlikehald av grøfteutlaup).
3. Organisert verksemd som ikkje er nemt i kap.V, 8.

*For kvart einskild område må det vurderast om det skal kunne gjevast løyve til m.a. beite utover beiting på vernetidspunktet, opplag av båt, bålbrenning, telting og mindre uttak av sand og grus.*

## VII

Forvaltingsstyresmaktene kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

### **VIII**

Forvaltningsstyresmaktene, eller den forvaltingsstyresmaktene fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsformålet, herunder fatte vedtak om kanalisering av ferdsel. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføringa av skjøtselstiltaka.

### **IX**

Forvaltinga av fredingsforskriftene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### **X**

Desse fredingsforskriftene trer i kraft \*

### 7.3 SAKSBEHANDLING OG FORVALTING

Før eit vernetiltak kan gjennomførast blir det gjort eit omfattande førearbeid. Saksbehandlinga for verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal er slik:

1. Naturfaglege registreringar og prioritering av verneverdiane. Økoforsk rapport 1986 :3A og B og fylkesdelplan for elveoslandskap.
2. Grov avgrensing av dei aktuelle områda.
3. Kontakt med grunneigarar, fagorgan og kommunale styresmakter, innhenting av informasjon. Gjennomført sommaren og hausten 1986 og 1994.
4. Utarbeiding av utkast til verneplan, og oversending til Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning.
5. Det godkjente utkastet til verneplan (dette dokumentet) blir sendt alle berørte partar til lokal høyring.
6. Fylkesmannen gir ei tilråding til Direktoratet for naturforvaltning på bakgrunn av dei innkomne fråsegnene.
7. Direktoratet for naturforvaltning sender verneforslaget på sentral høyring og gir sin tilråding til Miljøverndepartementet.
8. Miljøverndepartementet legg verneplanen fram for vedtak i regjeringa som kongeleg resolusjon.

Det arbeidet som no er utført ved at denne planen er framlagt vil omfatte punkta 1-5 ovanfor. Det arbeidet som står att vil omfatte punkta 6-8. Av dette vil det gå fram at dei organ og einskildpersonar som vert berørt av ei eventuell freding vil få høve til å kome med fråsegn før det endelege fredingsframlegget vert utarbeidd.

Etter eventuelt endeleg vedtak om vern, vil alle grunneigarar umiddelbart få eit brev med melding om vedtaket, kart og vernereglar, samt ei orientering om erstatningsreglane. Alle verneområde skal merkast opp i terrenget med grensemerke, og det skal etablerast oppsyn for vernområda.

#### Økonomisk erstatning

I 1985 vedtok Stortinget nye reglar om erstatning ved oppretting av **reservat** (omfattar og biotopfreding etter naturvernlova sin § 9) og **naturminne** (Ot.prp. nr 46 for 1983-84 og innst. O. nr 2 for 1984-85). Lovendringa vart sett i kraft frå 15.februar 1985. Grunneigarar og rettshavarar i **slike område** vil ha krav på å få dekt dokumenterte økonomiske tap som ei følge av fredinga. Utmåling av erstatning skal skje i samsvar med lov av 6.april 1984 nr 17 "Om vederlag ved oreigning av fast eigedom (ekspropriasjons-erstatningslova) Sjøl om vernereglane for eit reservat eller naturminne kan tillate ei viss næringsdrift, er vanlegvis større endringar i driftsforma forbode.

Grunneigarar og rettshavarar har ikkje krav på erstatning etter ekspropriasjonslova ved **midlertidig vern**. Statens erstatningsplikt ved oppretting av **slike** verneområde er regulert i naturvernlovas § 20b som lyder:

Økonomisk tap som følgje av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med almennelike rettsgrunnsetningar kreves erstattet av staten. Med mindre annet er avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer.

Med "alminnelige rettsgrunnsetninger" i denne samanheng siktar ein til dei retningslinjene som har utvikla seg på grunnlag av prinsippet i Grl. 105, med sikte på lovgjeving som legg restriksjonar på utnytting av fast eigedom. Miljøverndepartementet vil peike på at det berre er i unntakstilfelle, der ein grunneigar eller rettshavar blir ramma hardt av vernevedtaket, at eit vedtak om oppretting av landskapsvern eller midlertidig vern kan utløyse krav om erstatning. Eigarar eller rettshavarar som meiner å ha krav på erstatning ved gjennomføring av slike vernesaker, må sjølv setje fram krav for vedkomande domsstol innan eit år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Grunneigarar og rettshavarar i **reservat** må setje fram skriftlege krav til vedkomande fylkesmann innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket. Dette er **eit vilkår for rett til erstatning** etter desse reglane.

Miljøverndepartementet tek sikte på å løyse dei fleste erstatningssakene gjennom frivillige drøftingar. Departementet meiner at denne framgangsmåten vil vere like trygg for grunneigarane som eit rettsleg skjønn, og at den dessutan kan føre til eit raskare erstatningsoppgjær.

Dersom naturvernstyresmaktene og dei berørte partane ikkje blir einige, må det offentlege sjøl setje fram krav om rettsleg skjønn for vedkomande domsstol. Skjønnsretten vil då fastsetje erstatninga. Staten må setje fram krav om rettsleg skjønn innan halvtanna år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Ved rettsleg skjønn vil grunneigarar og rettshavarar få dekt sine utgifter til advokat etter reglane i skjønnslova. Også ved frivillige forhandlingar er miljøverndepartementet innstilt på å dekkje slike kostnader.

Ved melding om eit eventuelt fredingsvedtak vil det bli gjeve ei nærare orientering om erstatningsreglane og om framgangsmåten ved fastsetjing av erstatningssummen.

## 8. LITTERATURLISTE

- Aksdal, S., 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 6 - 1994.
- Bugge, O.A., 1993. Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal fylke, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 10 - 1992
- Eide, O., Bruun, P. og Haukebø, T. 1993. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i M & R 1992, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport 4,5 og 6 - 1993;
- Eklo, M., 1993. Naturfaglege konsesjonsvilkår knyttet til vasskraftutbygging i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 3 - 1993.
- Eklo, M., 1994. Bonitering og kultiveringsplan for laks i Surna- og Toåavassdraget. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapp nr.4 - 1994
- Folkestad, A.O., 1977. Registrering av ornitologiske viktige våtmarker i Norge. Stensilert rapport til Miljøverdepartementet. 512 sider
- Follestad, B.A. et.al. 1994, Løsmassekart over Møre og Romsdal fylke, Beskrivelse Skrifter 112, Norges geologiske undersøkelser.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994. Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal Fylke.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, - 100-metersbeltet langs sjøen - strandsoneforvaltning.
- Haakensen, N., 1977, Vurdering av materialavsetning i utlaupsosen til Eira og Dokkelva i Eresfjord, Vassdragsdirektoratet, Hydrologiskavdeling, Brekontoret Mars 1977.
- Hagen, D., Nilsen, T., 1982. Arealbruk i Elvedelta, et forprosjekt, UNIT senter for miljø og utvikling, meddelelse nr.1/92.
- Hansen, O., 1980. Oversikt over fuglelivet på Håsenørene, Sunndal kommune, Møre og Romsdal, Norsk Zoologisk forening, Sunndal avdeling, 1980
- Holten J.I., Frisvoll, A.A., Aune E.I., 1986. Havstrand i Møre og Romsdal, Økoforsk rapp 1986: 3A og B;
- Lid, J., 1979, Norsk og svensk flora, Det norske samlaget 1985.
- Nordbø, L., 1991. Registreringer og klassifisering av elveløpsformer i Sør-Norge, Hovedoppgave i naturgeografi, mai 1991.
- Nordisk ministerråd, 1977. Naturgeografisk regionsinndeling av Norden, NUB 1977:34.
- Nordisk Ministerråd, 1984. Marina reservat i Norden, Rapport frå arbeidsgrupp inom Nordiska Ministerråd, 1984.
- NOU, 1983. Verneplan for vassdrag III, 1983: 41;
- NOU, 1983. Vilt og ferskvansfisk og vassdragsvern, 1983: 44
- NOU, 1991. Verneplan for vassdrag IV, 12A og B
- Strand, Ø., Vølstad, J.H., The Molluscan Fisheries and Culture of Norway.
- St. meld. nr. 46 (1988-89). - Miljø og utvikling
- St. meld. nr. 62 (1991-92). - Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder.
- St.meld. nr.68 (1980-81).- Vern av norsk natur.
- Universitetet i Bergen, Historisk museum 1989.

## **ORDFORKLARING**

Havstrand	Alle strender som grenser til sjø.
De Geer Morener:	Små delvis paralelle morenerygger dannet på steder der brefronten stod under vann.
Erosjon	Nedtæring av landskapet av is , vann og vind.
Kvartærgeologi	Den delen av geologien som omfatter den kvartære perioden d.v.s. de siste 2-3 millioner år av jordhistorien.
Marin grense	Det høyeste pkt havet nådde på et sted etter at stedet ble isfritt, ofte forkortet MG.
Morfologi	Formlære
Geomorfologi	Fagområdet som arbeider med landformane og dei prosessane som virker til å danne landformar.
Epilitoralen	Over tidevassona

**VEDLEGG 1**

**Figur:** Det undersøkte området, Møre og Romsdal fylke, med oversikt over dei 150 undersøkte lokalitetane (nummererte prikkar). (Økoforsk rapport 1986: 3A)

## **VEDLEGG 2**

**2.Tabell:** Undersøkte havstrandlokaliteter i Møre og Romsdal 1984. (Økoforsk rapport 1986: 3A)